

Olav Rytter:

VIETNAM

i går

i dag —

i morgon?



UTGITT AV
DEN NORSKE SOLIDARITETSKOMITEEN
FOR VIETNAM

Fred og Rettferdighet for Vietnam

U THANT om Vietnam



Den norske solidaritetskomiteen
om Vietnam



OLAV RYTTER:

Vietnam i går, i dag
og — i morgon?



Ein amerikansk tragedie



Samarbeid mellom
buddhistane og FNL?



Kildelitteratur om Vietnam



U Thant om Vietnam:

«Eg er djupt uroleg over auken i krigshandlingar i Vietnam, det veksande talet på drepne og dei øydeleggingar av materielle verdiar dette fører med seg.

Eg meiner at alle tiltak som går ut på å føre partane nærare forhandlingsbordet må innehalde:

1. Slutt på bombeåttaka mot territoriet til Den demokratiske republikken Vietnam.
2. Alle partar må redusere militære tiltak i Sør-Vietnam.
3. Den sørvietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten må vera med på alle drøftingar om ei fredeleg ordning.»

(Kommentar på ein pressekonferanse til ei pressemelding frå Saigon om «det hardaste åttaket hittil mot mål i Nord-Vietnam».)

«Dersom ein skal kunne nå fram til fred i Vietnam, må alle partar gå med på idéen om eit samla, sjølstendig og nøytralt land.»

(På ein pressekonferanse 6. april 1966.)

Solidaritetskomiteen om Vietnam:

TIL DEN NORSKE REGJERING OG STORTINGET

Krigen i Vietnam er mer og mer blitt en krig mellom USA og det vietnamesiske folk. Kamphandlingene øker i brutalitet og omfang. Bruken av moderne krigsvåpen, gass og napalmbomber påfører befolkningen uendelige lidelser. Konflikten er en vedvarende og alvorlig trusel mot verdensfreden.

Den norske regjering har hittil gitt uttrykk for en resignert holdning ved å hevde at det eneste vårt land kan gjøre er å rette henstillinger om at forhandlinger skal komme igang.

Den Norske Solidaritetskomite for Vietnam vil arbeide for å skape en aktiv norsk opinion som vender seg mot den amerikanske krigføringen i Vietnam og går inn for det vietnamesiske folks frihet og rett til selv å avgjøre sin skjebne.


Det er en viktig oppgave å gi humanitær hjelp til ofrene for krigshandlingene, og Landsinnsamlingen til Vietnam må sterkt støttes. Men det må være en enda viktigere oppgave å arbeide for at Det Norske Storting og Den Norske Regjering skal gjøre disse krav til sine:

- ☆ De amerikanske bombetokter i Vietnam må øyeblikkelig stanses.
- ☆ Forhandlinger om stans i krigshandlingene må innledes.
- ☆ En løsning av Vietnam-problemet må skje i pakt med Geneve-avtalen:
- ☆ Alle fremmede tropper må trekkes tilbake.
- ☆ Frie valg i begge soner.

I pakt med dette program henvender Den Norske Solidaritetskomite for Vietnam seg til norske kvinner, menn og ungdom, til alle foreninger og lag med henstilling om å slutte opp om vårt arbeid.

Oslo, februar 1966.

DEN NORSKE SOLIDARITETSKOMITE
FOR VIETNAM



OLAV RYTTER

Etter den annen verdenskrig har vi fått erfare at verden er én. Samtidig står denne ene verden i fare for å bli sprengt i stykker av konflikter mellom rivaliserende maktblokker, og av motsetninger mellom de rike, industrialiserte land og de fattige land i Asia, Afrika og Latin-Amerika. De fleste av oss som lever i et vesteuropeisk velferdssamfunn, har små forutsetninger for å forstå det som foregår i de såkalte under-

utviklede områder. Vi vet for lite om disse lands kultur og historie, vi har ikke del i de erfaringer folkene der har gjort i kolonitiden.

En av de nordmenn som sitter inne med de erfaringer og den innsikt de fleste av oss mangler, er Olav Rytter.

Det er karakteristisk for ham at han i sin ungdom valgte et studium utenfor allfarveien. Han tok magistergraden i slavisk filologi med klassiske språk og indisk som støttfag. Alt som student gav han ut oversettelser av tsjekkisk og gammel indisk litteratur, og han oppholdt seg flere år i Praha og Warszawa som stipendiat og universitetslektor. I de siste årene har han på nytt dokumentert sine fremragende evner som oversetter av russisk og tsjekkisk lyrikk og prosa.


I 1937 ble Rytter knyttet til NRKs dagsnytt- og aktualitetsavdeling. Kort etter det tyske angrep på Norge ble han av regjeringen sendt til London for å arbeide i BBCs norske avdeling. Etter at NRK var etablert i samarbeid med BBC, fortsatte han som kommentator og krigskorrespondent. Mange av oss husker ham som en av stemmene fra London til det mørklagte Norge. Vinteren 1944—45 var han som informasjonsoffiser knyttet til de norske militære styrker under frigjøringen av Finnmark.

Etter krigen gikk Olav Rytter inn i FNs tjeneste. I 15 år, fra 1948 til 1963, var han direktør for FNs informasjonskontorer i Praha, Djakarta, Teheran og Kairo. Mange års arbeid i Indonesia, Iran, Afghanistan og Midt-Østen har gitt ham spesielle forutsetninger for å forstå og vurdere det som i dag foregår i Sør-Øst-Asia. Han var bl. a. til stede som rapportør for FN ved Bandung-konferansen i 1955, der 29 afro-asiatiske land var representert.

I tillegg til innsikt og erfaring har han en egenskap som øker vår tillit: det han skriver om internasjonale problemer er preget av gjennomført redelighet og av vilje til å forstå de stridende parter ut fra deres egne forutsetninger.

August Lange
Universitetslektor

OLAV RYTTER:



VIETNAM

i går
i dag —
og i morgon?

INNLEIING

Framtidige historieskrivarar vil truleg koma til å sjå på frigjerings- og tidlegare europeiske kolonimråda i Asia og Afrika som den viktigaste hendinga i dei to første tiåra etter den andre verdskrigen.

Det gjeld ikkje minst dei asiatiske kolonifolk som nådde fram til politisk sjølvstende i dei første åra etter krigen: Filippinane i 1946, India og Pakistan i 1947, Burma i 1948 og Indonesia i 1949.

Den britiske Labour-regjeringa under statsminister Attlee «likviderte» — for å bruke Churchills bitre ord — det britiske imperiet i India og Burma på minneleg vis. Den nederlandske regjeringa førde heller ikkje kampen for koloniriket sitt på dei indonesiske øyane «to the bitter end».

Ei mykje trongare fødsle fekk dei nye statane på det franske kolonimrådet i Indokina: Kambodsja, Laos og først og fremst Vietnam. Bak Geneve-konferansen i 1954 låg det åtte års blodige kampar mellom den vietnamesiske sosial-revolusjonære frigjeringsrørsla Viet Minh og dei franske kolonistyrkane, fram til det franske sluttunderlaget ved Dien Bien Phu i mai 1954. I samsvar med fredsavtalen i Geneve drog Frankrike seg ut or Indo-Kina. Kambodsja og Laos tok plass i FN som samla, suverene statar under ei regjering.

Frie val under internasjonal kontroll skulle haldast over heile Vietnam i juli 1956 med det mål å nå fram til ei liknande samlingsregjering for Vietnam. Dette vart sabotert med amerikansk stønad av motregjeringa til Den demokratiske republikken Vietnam (hovudstad Hanoi), nemleg regjeringa til Republikken Vietnam (hovudstad Saigon). Folkeheren til DRV hadde slått den franske koloniheren og dermed lagt grunnlaget for sjølvstendet ikkje berre for Vietnam, *men også for Laos og Kambodsja*. Saigon-regejringa hadde derimot stått på fransk side i den vietnamesiske fri-domssriden, som kosta ein halv million vietnamesarar frå heile Vietnam livet, på vegen fram til det politiske sjølvstendet som vart stadfest av Geneve-avtalen i 1954.

I bondeopprøret mot terror- og diktaturregimet til Saigon-regjeringa under Diem som tok til i slutten av femtiåra, har USA gripe inn til støtte for Saigon, først med «militære råd-

gjevarar», sidan med regulære styrkar til lands, til sjøs og i lufta. Talet på desse styrkane er no omkring de tidobbelte av det Hanoi-regjeringa hittil har sendt av mannskap til hjelp for sine landsmenn i sør. Den amerikanske intervensjonen i den vietnamesiske borgarkrigen er den største sidan den fascistiske og nazistiske intervensjonen i den spanske borgarkrigen i siste halvparten av trettiåra.

I realiteten står no den militære kampen mellom Den sørvietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten (F.N.L.) og dei amerikanske styrkane. Innsatsen til dei sørvietnamesiske regjeringsstyrkane er no proposjonelt omlag på same nivå som den vietnamesiske «kontingenten» i den franske koloniheren under kampene mot Viet Minh 1946—54.

Ser ein no på det asiatiske biletet under eitt må vi slå fast at *Vietnam er det siste og einaste landet innanfor det tidlegare franske, britiske og nederlandske kolonimrådet i Asia, som enno ikkje har nådd fram til fullt sjølvstende i ein samla stat med medlemskap i FN*, slik tilfellet er med dei to andre landa innanfor det tidlegare Fransk Indokina, Kambodsja og Laos.

*

Utsiktene for ei samling av landet er mykje mindre no enn dei var i juli 1956 då val med dette i sikte skulle haldast. Ei endeleg politisk løysing ligg no i alle tilfelle langt ute i framtida og vil snau koma utanfor teoretiske spekulasjonar før ein avgjerande og lagnadstung faktor er eliminert: *Krigen i Vietnam*.

Kravet om fredstingingar om Vietnam må reisast ikkje berre av omsyn til det umenneskeleg hardt prøva og skrikande urettvist behandla vietnamesiske folket, men også av omsyn til verdsfreden.

Den latente faren for ein vepna konflikt mellom USA og Den kinesiske folkerepublikken med utgangspunkt i Vietnam-striden er ein fare for verdsfreden og dermed for lagnaden til alle menneske. Her er vi alle i same båten.

*

Kva sjangsar har så dei krefter som no er i gang utanfor og innanfor FN til å stogge ei slik lagnadstung utvikling? Kva voner er det vidare for å nå fram til ei løysing

på den indre konflikten i Vietnam og dermed verkeleggjera den snart hundre år gamle nasjonale draumen til vietnamesarane om gjenreising av eit fritt og samla Vietnam, som dei har stridd for med ein overmenneskeleg innsats i fem og tjue år? Geneve-avtalen blir ofte, og med rette, nemnd som grunnlag for nye tingingar. Kan den gje eit slikt grunnlag, eller har situasjonen skift så radikalt at nye vegar må prøvast? Kva kan gjerast i FN's regi?

Før vi prøver å svara på desse og liknande spørsmål, bør vi sjå litt på den historiske bakgrunnen og hovudlinene i den kampen vietnamesarane har ført for å hevde sitt nasjonale og kulturelle sjølvstende gjennom mange hundre år — mot kinesisk overherredøme, mot fransk kolonivelde og japansk okkupasjon og så mot nytt fransk forsøk på å få fotfeste att — frå 1946 til Geneve. Mot denne bakgrunnen må vi også prøve å svara på eit omstridd spørsmål: Korleis står den amerikanske intervensjonen mot Den nasjonale frigjeringsfronten (FNL) og den amerikanske uerklærte bombekrigen mot territoriet til Den demokratiske republikken Vietnam i biletet av denne hundreårige kampen for nasjonal og politisk samling i eit fritt Vietnam? Og endeleg: Kva står Den nasjonale frigjeringsfronten for politisk, og kva sjangsar finst det for eit samarbeid mellom den radikale vengen av den buddhistiske rørsla og F.N.L., når det gjeld gjensidig godkjenning som partner ved fredstingingar og seinare samarbeid i ei eventuell koalisjonsregjering bygt på frie val i Sør-Vietnam?

Men la oss først kaste eit blikk — to tusen år tilbake og så ta ein snarur opp gjennom hundreåra.

DEN HISTORISKE BAKGRUNNEN

Den særmerkte sivilisasjonen som har grodd opp på den søraust-asiatiske halvøya, har hatt og har hovudtyngda si på dei grøderike slettene langs Mekong-vassdraget i sør og Den raude elva i nord. Den mektige Mekong-elva renn dels gjennom, dels langs grensene til Laos, Thailand, Kambodsja og ut i Det sørkinesiske havet gjennom eit stort delta sør for Saigon. Mekong-elva har frå gammalt av hatt mykje å seia for samferdsle og dermed den kulturelle kontakten

mellom dei landa det her gjeld. Dette speglar seg i våre dagar att i det såkalla Mekong-prosjektet, der dei fire landa har gått saman om å byggje ut Mekongvassdraget til samferdsle, vatning og elektrisk kraft. Det skjer under tilsyn og med eksperthjelp av FN's Økonomiske Kommissjon for Asia og det fjerne østen (ECAFE) som har sitt regionale hovudkontor i Bangkok. Krigen i Vietnam har sjølsagt lagt store hindringar i vegen for dette prosjektet.

Men trass i den kontakten naturen har skapt mellom folka på den søraust-asiatiske halvøya, så har og fjellryggen som går mellom Laos og Vietnam sett eit etnisk og kulturelt skilje. Trass i — og på grunn av — den tusenårige striden Vietnam-folket har ført mot kinesisk ekspansjon frå nord, har kinesisk kulturpåverknad vore sterk hos dei, medan Kambodsja og Laos har vore sterkt påverka frå India. Det er såleis verdt å merke seg at endå buddhismen rår grunnen i alle desse landa, finn ein i Vietnam den nordlege greina av buddhismen, Mahajana, medan den sørlege, opphavlege greina er å finne i Thailand, Kambodsja og Laos.

*

Opphavskjernen til Vietnam ser ut til å ha vore eit halvt legendarisk kongedøme i Tongking i Nord-Vietnam. Det kom under kinesisk overherredøme i 111 f. Kr. Det kinesiske veldet varte til 938 e. Kr. Etterkvart vart Annam i Midt-Vietnam kjernen for ein vidare ekspansjon sørover heilt ned til Mekongdeltaet. Namnet Vietnam tyder «folket (eller landet) i sør» og skriv seg frå tida til det kinesiske veldet. Det vart teke i bruk av Gia Long, grunnleggjaren av det annamitiske Nguyen-dynastiet først på 1800-talet, som samnamn på dei tre provinsane i riket hans, Tongking, Annam og Cochinchina med hovudstad i den gamle keisarbyen Huế i Annam. Sidan den tid har difor namnet Vietnam hatt ein sterk nasjonal, politisk samlande appell. Hanoi var provinshovudstad i Nord, Saigon i sør.

Den franske koloniseringa i Vietnam sette inn etappevis med utgangspunkt i Saigon i siste halvpart av nittande hundreåret og følgde ei tydeleg «splitt og hersk»-line. Administrativt sett vart dei tre vietnamesiske provinsane haldne like langt frå kvarandre som Kambodsja og Laos, innanfor Den

indokinesiske Unionen. Berre Annam stod nominelt under jurisdiksjonen til keisaren i Hué.

Indokina hadde stort verde for Frankrike, økonomisk, politisk og strategisk. Området var ein tredjepart større enn Frankrike. Det var den tredje største riseksportøren i verda. I sør var der også store gummiplantasjar, i nord rike mineral-kjelder (kol, jernmalm, tinn og sink).

Franskmennene hadde ein privilegert posisjon i handel og industri. I 1938 var 95 prosent av den utanlandske investeringa (i alt 384 millionar dollar) på franske hender. Franskmennene stødde, ut frå eigne interesser, først og fremst økonomiske tiltak, medan helsestell og opplysningsarbeid vart forsømt her som i dei andre koloniane. All høgare undervisning var på fransk som óg vart tala av overklassen i byane og som lingua franca i forretningslivet.

Vietnam var det folkerikaste og natur-rikaste landet i Fransk Indokina. Folket er arbeidsamt og intelligent. Men til utbytinga ved det franske kolonistyret kom óg utsuginga av dei fattige millionmassane av bønder og leiglendingar ved den tradisjonelle vietnamesiske feudalklassen av store gods-eigarar.

Den gamle vietnamesiske «kooperative» organisasjonen i landsbyane kom i forfall. Levestandarden til dei fattige bøndene balanserte ofte på sveltetrensa. Den sjølvveigande minoriteten av bønder betalte dryge skattar til staten og vart flådde av ågerkarar og korrupte skattekrevarar. Leiglendingar og lausarbeidarar vart utsogne av den feudale overklassa som levde i byane eller i utlandet. Den vietnamesiske overklassen stod i det heile framad for sitt eige folk og leit ofte på koloniherrane når det galdt å slå ned opprørsrørslar blant bøndene.

*

Det er mot denne bakgrunnen ein må sjå på det sosialrevolusjonære islettet i den nasjonale frigjeringsrørsla både til Den vietnamesiske sjølvstendeligaen (Viet Minh) og Den sør-vietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten og — på den andre sida — på den lange og skiftande rada av korrupte og reaksjonære regjeringar i Saigon, fra Bao Dai til marsjall Ky.

Mellom desse to sosiale ytterpunkta — eller rettare: mellom botnen og toppen — grodde det etter kvart fram ein mellomklasse, der mange hadde utdanning frå franske høgskolar og universitet: lægre embetsmenn, lærarar, lækjarar, forretningsfolk, juristar. Det var dei som vart førarane i den nasjonale og sosiale rørsla som i ymse former sette inn for alvor i tjuetåra og endå ikkje har nådd sitt endelege mål: eit fritt, samla og demokratisk Vietnam.

DEN NASJONALE FRIDOMSRØRSLA

Som tilfellet var med liknande rørslar hos andre kolonifolk henta også desse unge vietnamesarane inspirasjon frå vestlege idear og politiske filosofar: den franske revolusjonen, den amerikanske fridomskunngjeringa, britisk fabianisme og liberalisme, Karl Marx og Lenin og, etter den andre verdskrigen FN's Kunngjering om menneskerettane og resolusjonar til stønad for frigjeringa av tidlegare kolonifolk.

Både vietnamesiske studentar og arbeidarar i Frankrike kom i kontakt med sosialradikale parti. Grunnlaget vart lagt for samarbeid mellom dei og den aukande franske opposisjonen mot koloniveldet i Indokina. Denne opposisjonen kulminerte under den fåfengte og blodige kampen mot Viet Minh — «la guerre sale» (den skitne krigen) — heilt fram til det franske sluttnederlaget i mai 1954, eit militært nederlag som franske regjeringar og ikkje minst president de Gaulle seinare har vendt til ein moralsk siger med si oppfylling til punkt og prikke av Geneve-avtalens ånd og bokstav. Frankrike har ikkje «mist andlet» i Asia. Tvertimot.

*

Det var i dette radikale fransk-vietnamesiske miljøet fremste leiaren for den vietnamesiske frigjeringsrørsla Ho Chi Minh voks fram. Han har vore det uomstridde samlande midtpunktet heilt frå tjuetåra og fram til proklamasjonen av Den demokratiske republikken Vietnam 2. september 1945 og under Viet Minhs sigerrike kamp mot det franske koloniveldet fram til Geneve-avtalen 1954. Det politiske og sosiale programmet til Den sørvietnamesiske nasjonale frigje-

ringsfronten er og ei tillemping etter dei lokale tilhøva av idégrunnlaget for Viet Minh.

Ho Chi Minh fyller sitt rom — uten mannjevning når det gjeld personlege eigenskaper og politisk syn — ved sida av andre afro-asiatiske førarar, som Mao Tse Tung, Nehru, Sukarno og Nasser.

Ei skisse av livet hans gjev difor i hovuddrag historia til det sosialrevolusjonære islettet i den vietnamesiske fridoms-kampen.

Namnet Ho Chi Minh («Lys-spreiaren») var eit ironisk namn fangevaktarane sette på han under eit av dei mange fengselsopphalda hans, men han tok det opp som sitt *nom de guerre*.

Det rette namnet hans var Nguyen Ai Quoc. Han vart fødd i 1890. Far hans var ein landsens embetsmann i Annam-provinsen. Han kom med i ei nasjonalistisk gruppe og vart avsett av det franske kolonistyret.

I 1911 gjekk Ho Chi Minh til sjøs og arbeidde seinare som kokk i restaurantar i London, Tyskland, USA og tilslutt i Paris, der han greidde opptakingsprøva til Sorbonne-universitetet, endå han hittil berre hadde drive sjølvstudium, for det meste av historie og politisk filosofi. Som førar for ei studentgruppe prøvde han å fremme eit framlegg for del-takarane i Versailles-konferansen om sjølvstende for Viet-nam med grunnlag i president Wilsons program om «sjølv-råderett for nasjonane», men utan resultat.

Då det franske sosialistpartiet vart kløyvt på spørsmålet om tilslutning til den kommunistiske tredje internasjonale var Ho Chi Minh, som «indokinesisk delegat», med på å skipe det franske kommunistpartiet. Deretter studerte han i to år ved «Arbeidaruniversitetet for Asia» i Moskva, og i 1925 vart han send til Kanton som assistent for den sovjet-iske rådgjevaren for Kuomintang, Mikhail Borodin. Han måtte slutte med dette arbeidet då Chang Kai-Shek braut med dei kinesiske kommunistane i 1927. Ho Chi Minh hadde i åra frametter for det meste Hong Kong som sin «operasjons-basis». Hit gjekk det meste av den store straumen av flykt-ningar frå streikane og opprørsforsøka som dei vietname-siske nasjonalistane sette i gang. Dei vart alle slått ned med både politi og hærstyrkar av det franske kolonistyret.

Blant desse emigrantane voks det fram ei lang rad med politiske organisasjonar som alle hadde eit fritt Vietnam som sitt mål. Men på grunn av den spesielle sosiale karakteren kampen i Vietnam hadde var den sosialradikale venstre-fløyen sterkast representert. Såleis var der ikkje mindre enn tre kommunistiske fraksjonar. Ho Chi Minh argumentasjon var at grunnane til fraksjonstridane skreiv seg frå tilhøve som låg langt utanom Vietnam, og i 1930 fekk han i stand eit samlingsparti, «Det indokinesiske kommunistpartiet». I 1935 var han med på den sjuande kongressen til Komintern som slo fast samarbeidslina med sosialistiske og sosialradi-kale parti («Folkefronten»). Det er viktig å merke seg at Ho Chi Minh heldt fast ved denne lina lenge etter at «folke-frontidéen» braut saman, både under grunnlegginga av Viet Minh og under grunnarbeidet med Den demokratiske repu-blikken Vietnam frå 1945 og utetter. Sjølv om Ho Chi Minh aldri har vore offisielt stempla som «titoist» og «avvikar», så er han kjent som ein sær pragmatisk og røyndomsnær politikar. Dette tel med når hans tilhøve til Moskva og/eller Peking skal vurderast.

*

Etter den japanske okkupasjonen av Sørøst-Asia stelte Ho Chi Minh allereide i 1941 sin organisasjon i alliert teneste i kampen mot okkupantane. På denne tida var motstands-grupper, organisert av heimsende agentar, spreidde over heile Vietnam. Dei dreiv med sabotasjetiltak og kunne elles forsyne særleg den amerikanske etterretningstenesta med verdfulle opplysningar.

På ein kongress i Kwantung-provinsen vart så «Ligaen for Vietnams sjølvstende» grunnlagt. Namnet var på vietna-mesisk «Vietnam Doc Lap Dong Minh Hoj» eller i forkorting Viet Minh. Ho Chi Minh vart generalsekretær. Denne ligaen samla praktisk tala alle kommunistiske, sosialistiske og so-sialradikale nasjonalistgrupper i ein organisasjon. I 1943 var mindre geriljastyrkar i gang over heile Vietnam, ikkje berre mot dei japanske okkupantane, men også mot dei franske representantane for Vichy-regjeringa som «samarbeidde» med japanarane. Slagordet var «Kamp mot japansk og fransk fascisme og kolonialisme». Frå 1944 hadde Viet Minh jam-vel ein militær operasjonsbasis i Tongking i Nord-Vietnam.

Då Japan braut saman i august 1945, stod Viet Minh fram som den sterkaste for ikkje å seia den einaste motstands-
rørsla i Vietnam. Ho Chi Minh nytta ut situasjonen. Som
sjef for ei samlingsregjering med Viet Minh som kjerne
proklamerte han 2. september 1945 Den demokratiske repu-
blikken Vietnam med krav på suverenitet over alle provin-
sane, Tongking, Annam og Cochín-Kina. Proklamasjonen
vart følgd av store gledesdemonstrasjonar over heile landet,
også i Saigon.

I lys av situasjonen i dag kling innleiinga til proklama-
sjonen med tragisk ironi. Det er eit sitat frå den ameri-
kanske fridomskunngjeringa: «Alle menneske er skapt like.
Skaparen deira har gjeve dei visse uavhendelege rettar,
mellom andre retten til liv, fridom og menneskelykke» (pur-
suit of happiness). Den nye regjeringa sende også ut ein
appell til dei allierte førarane Truman, Attlee, Stalin og
Chang kai-shek der det heitte at «den vietnamesiske na-
sjonale revolusjonen» stod over klasser og parti og at den
nye staten ville halde seg unna motsetningar mellom Vest-
og Aust.

*

Vichy-representantane kapitulerte i lag med japanerne.
Spørsmålet var no korleis «det nye Frankrike» som no steig
fram jamsides dei allierte, med general de Gaulle som førar
for «utefronten», ville stille seg til den nye situasjonen som
no var skapt i Vietnam. Til å byrje med såg det ut til at
eit kompromiss mellom kolonistatus og full suverenitet skulle
vera mogleg. Den 6. mars 1946 skreiv den franske regjeringa
under ein avtale i Hanoi, der den godkjende Den demokra-
tiske republikken Vietnam som «ein fri stat med eiga regje-
ring, parlament, hær og finansar, som part i Den indokine-
siske føderasjonen (i lag med Kambodsja og Laos) og Den
franske unionen (samnamnet på Frankrike og dei tidlegare
koloniområda)». Frankrike gjekk óg med på at det skulle
haldast referendum over heile landet om samling av dei tre
vietnamesiske provinsane Tongking, Annam og Cochín-Kina
i ein stat.

Hausten 1946 vedtok så nasjonalforsamlinga i Hanoi ein
konstitusjon for Den demokratiske republikken Vietnam, med
ei lovgjevande forsamling med eitt kammer, ei regjering

som skulle vera ansvarleg overfor parlamentet og ein presi-
dent. Ho Chi Minh vart vald. Konstitusjonen garanterte
også demokratiske rettar og fridomar til borgarane i landet.
Viet Minh hadde fleirtalet av seta i regjeringa, i samsvar
med fleirtalet i nasjonalforsamlinga. Dei to andre viktige
partia var Nasjonalistpartiet og Den revolusjonære ligaen
som begge hadde eit mindre radikalt sosialt og økonomisk
program, særleg når det galdt den viktige jordreforma på
landsbygda.

Situasjonen såg lys ut. Men det stod harde tider for døra.

Hadde vegen under Ho Chi Minhs førarskap, frå det få-
fengte tiltaket hans som ung student på Versailleskonferan-
sen etter den første verdskrigen, til proklamasjonen av DRV
i 1945 vore klår og rak, så er vegen fram til marsjall Kys
regjering av i dag (men kanskje ikkje imorgon) meir krong-
lete. Den går mellom anna gjennom ope samarbeid med
franskmennene under den åtteårige blodige kampen som
Den demokratiske republikken Vietnam måtte føre, frå 1946
og fram til ny stadfesting av Vietnams sjølvstende ved Gene-
vekonferansen i 1954.

*

Dei første spirane til den tragiske kløyvinga i Vietnam
som no har resultert i eit «Sør-Vietnam» og eit «Nord-
Vietnam» tvert imot Geneve-avtalen, vil ein finne i sør, i
Saigon, like etter det japanske samanbrotet. Her sette repre-
sentantar for to religiøse grupper, den «eklektiske» Cao Dai
og den buddhistiske Dao Xen opp eit lokalt styre for Cochín-
Kina. Mot desse stod ein komite av Viet Minh-folk, som
representantar for republikken. Slik stoda var i tomrommet
mellom den japanske okkupasjon og fransk nyetablering kom
det til eit kompromiss. Dei gjekk saman um ein «Komite
for områda i sør», òg inngått under regjeringa i Hanoi.

Det skulle likevel syne seg at det stod mektige og kapital-
sterke vietnamesiske krefter og interesser bak dei budd-
histiske organisasjonane. Dei kom fram i dagen etterkvart
som Frankrike tok til å gjera seg gjeldande militært og
politisk. Den gamle alliansen mellom den feudale over-
klassen og koloniherrane, vart nua oppatt. Det skjedde på
den tradisjonelle grunnen for dette samarbeidet, nemleg i

Cochin-Kina og særleg i provinshovudstaden der, Saigon.

Under den japanske okkupasjonen av Vietnam hadde representanten for Vichy-regjeringa general Decoux prøvt å balansere gjennom eit slags fransk skinregime i Vietnam, i alle fall for å verje dei økonomiske interessene til dei om lag 50 000 franskmennene i landet, dei fleste i Saigon. Men då sigeren nærma seg for dei allierte, fekk japanarane den nominelle keisaren av Annam, Bao Dai, til å proklamere keisardømet Vietnam av provinsane Annam og Tongking i mars 1945. Denne marionettregjeringa fall med det japanske militærstyret i august same året. Ho Chi Minh knytte då Bao Dai til seg som «rådgjevar» for regjeringa si, truleg mest på grunn av den nasjonale samlingsappellen som låg i den annamitiske keisartradisjonen. Men samarbeidet varde ikkje lenge. Bao Dai gjekk i ein frivillig emigrasjon til Hongkong der han gjorde seg fortent til utnamnet «nattklubbkeisaren». Han var på mange måtar ein vinnande personlegdom, men veik og tiltakslaus.

I mellomtida var den franske høgkommisæren i Saigon D'Argenlieu i gang med å skipe ein særstat i provinsen i sør, Cochin-Kina. Men det var vanskeleg å få dei ymse opposisjonspartia til å gå saman i ei separatistisk regjering. Den første presidenten for «fristaten» Cochin-Kina hengde seg i desperasjon. Etterfølgjaren hans, Le Van Hoach fekk heller ikkje stønad hos folket.

I denne situasjonen dukka ideen om å kalle til live det annamitiske dynastiet atter opp, denne gongen etter fransk initiativ. Den tidlegare keisaren Bao Dai vart tilkalle. Han kom til Saigon, men gjorde det samtidig klårt for franskmennene at han først og fremst ville sjå på seg sjølv som meklar både mellom Ho Chi Minhs regjering i Hanoi og separatistregjeringa i Saigon, og mellom franskmennene og vietnamesarane. Men etter kvart gjekk Bao Dai med på dei planar franskmennene hadde med å skape ein separatistisk stat og ei motregjering i Saigon.

Bao Dai kunne her rekne med stønad hos utbrytarane frå Nasjonalistpartiet og Den revolusjonære ligaen som enno samarbeidde med Ho Chi Minh, vidare hos den konservative fløyen av dei religiøse sektene Cao Dai og Hoa Hao og frå Den Katolske Ligaen. Utanom desse organisasjonane kunne

han rekne med heilhuga stønad frå dei fastbuande franskmennene, frå den feudale vietnamesiske godseigarklassa og det etter måten veike kapitalistiske islettet i den delen av forretningslivet som var på vietnamesiske hender (Her dominerer franskmennene og kinesarane).

Men — for å sitere ei amerikansk kjelde: «Trass i det sterke og vel innarbeidde kommunistiske mindretallet i regjeringa til Den demokratiske republikken Vietnam i Hanoi såg det store fleirtallet av ikkje-kommunistiske nasjonalistar på Ho Chi Minh som den einaste moglege føraren i kampen mot franskmennene. Bao Dai syntest vera altfor mykje reiskap for fransk politikk til å kunne vinne stønad hos sitt eige folk.»

Den 5. juni 1948 skreiv den franske høgkommisæren under ein avtale med «den provisoriske regjeringa for Vietnam» i Saigon. Den slo fast «sjølvstendet til Vietnam som ein assosiert stat innanfor Den franske unionen. Den første oppgåva er å samle Vietnam i ein stat.» Dette tydde at denne gongen gjekk franskmennene med på eit samla Vietnam utan vidare.

Avtalen vart ratifisert av den franske regjeringa i mai året etter. Ei motregjering mot Ho Chi Minhs regjering var skapt i Saigon. Begge regjeringane, både i Den demokratiske republikken i nord og i «Staten Vietnam» i sør kravde suverenitet over heile landet. Dette siste vart symbolisert i at Bao Dai tok oppatt keisarnamnet.

Då dette skjedde, hadde krigen mellom Ho Chi Minhs folkeher og den franske koloniheren gått på i eitt og halvt år.

Men dei franske vonene til Bao Dai som føregangsmann i eit felttog for å «samle Vietnam» vart svikne. Krigen i Vietnam fekk ikkje karakter av ein borgarkrig. Det vart ein åtteårig blodig og kstesam krig, i stor mon finansiert av USA, mellom folkeheren og dei franske kolonistyrkane, der den tradisjonelle vietnamesiske «kontingenten» ikkje kom stort opp over det han hadde vore i kolonitida. Tusenvis av restane frå den tyske hæren var med i den franske framandlegionen. Krigen enda med eit knusande fransk nederlag i mai 1954.

Krigen mellom Den demokratiske republikken Vietnam og Frankrike braut ut med grunnlag i avvikande tolkingar

av mars-avtalen mellom Ho Chi Minhs regjering og den franske regjeringa i 1946, som vi før har nemnt.

Det galdt først og fremst den planlagde Indokinesiske føderasjonen og Den franske unionen. Korleis kunne desse planane sameinast med det kategoriske kravet til vietnamesarane om «samling og sjølvstende»?

Kravet om samling tydde i praksis at «Sør-Vietnam» (det tydde den gongen provinsen Cochinchina med hovudstaden Saigon) ikkje skulle skiljast ut frå resten av Vietnam. Ved tingingane i Dalat og Fontainebleau sommaren 1946 streka målsmennene for Ho Chi Minhs regjering under at folket var stort sett det same i språk, rase, nasjonalitet og religion frå nord til sør, og at dei rike jordsbruksområda i sør og gruvedrifta og industrien i nord fylte kvarandre ut på ein måte som var til beste for økonomien i heile landet.

Med omsyn til uttrykket «fri stat» i mars-avtalen av 1946 gjekk og tolkingane kvar sin veg. Vietnamesarane såg på Den indokinesiske føderasjonen som eit formelt band mellom tre sjølvstendige land, Vietnam, Kambodsja og Laos. Franskmennene ville at han skulle vera ein statseining som dei kunne nytte til å kontrollere Vietnam innanfor ramma av Den franske unionen, som no var samnamnet på «moderlandet» og det tidlegare franske imperiet.

Etter lange tingingar skreiv Ho Chi Minh og den franske ministeren for «det oversjøiske Frankrike» Marius Moutet under eit «modus vivendi» i Paris 14. september 1946. Det vart såleis gjeve visse garantiar for franske økonomiske og finansielle interesser. Dei vart og samde om ein tollunion for føderasjonen og sams myntsystem. Men spørsmålet om dei territoriale suverenitetskrava stod framleis uløyste. Forklaringa til det låg sjølvstend i dei separatistiske planane Frankrike samtidig hadde i gang i Saigon.

Gneisten som tende krutt-tønna slo ut i hamnebyen Haiphong i Nord-Vietnam. Det kom her til store demonstrasjonar i samband med tiltak som vietnamesarane meinte var i motstrid med avtalen om tollunionen. Men den franske overkommandoen sette seg føre å «gje vietnamesarane ein lærepenge». På gammal kanonbåttvis bombarderte franske marineskip Haiphong og mange tusen menneske vart drepne.

Dermed gjekk den regulære vietnamesiske folkehæren til

åtak på franske garnisonar, og geriljastridar loga opp over heile landet, frå Mekongdeltaet i sør til den kinesiske grensa i nord. Den åtte-årige striden som enda med våpenkvileavtalen i Geneve 20. juli 1954 tok til.

Den lange krigen vart ein hard skole både politisk og militært for det vietnamesiske folket. Den framgangen dei hadde med det første overraskande åtaket, vart snart slått tilbake av veltrena, professionelle soldatar i den franske kolonihæren. Men etterkvart vart dei meistarar i geriljatak-tikk, under førarskapen til general Giap som hadde gått i skole både i teori og praksis hos Mao Tse Tung. Viet Minhs folkehær hadde elles den føremønen at dei hadde lojal hjelp hos folket på landsbygda, når det galdt forsyningar, transport, samband og militære informasjonar, noko som kolonihæren måtte tvinge seg til. Viet Minhs radikale reformprogram, særleg når det galdt stoda til leiglendingar og fattige bønder, dro i same leia. Etterkvart kunne dei våge seg til med større og meir avgjerande operasjonar. Den største og siste var storminga av festningsbyen Dien Bien Phu, der dei tok til fange nordkommandoen for den franske kolonihæren med 16 000 mann i mai 1954. Då var alt Genevekonferansen i gang.

*

GENEVE-AVTALEN

Den åtteårige kampen mot franskmennene hadde kosta ein halv million vietnamesarar livet. I den franske kolonihæren hadde det falle 140 000 mann. Men politisk og militært stod regjeringa til Den demokratiske republikken Vietnam og kamporganisasjonen Viet Minh sterkt. Ho Chi Minh stod som folkehelt og utfriar for det store fleirtalet av folket. Under geriljakampane som gjekk for seg over heile landet hadde Viet Minh allereide gått i gang med å realisere det radikale jordreformprogrammet sitt. Tusenvis av leiglendingar hadde vorte sjølv eigande bønder på den utparsellerte jorda til den mektige godseigarklassen og skatte- og rentetrykkt hadde vorte letta for bøndene. I desse kampåra vart det sterke politiske grunnlaget lagt først for Viet Minh og seinare for Den sørvietnamesiske frigjeringsfronten. Her ligg

og grunnlaget for den kampmoralen som rår blant gerilja-soldatane til FNL i den krigen som no går på.

På den andre sida stod Bao Dais regjering i Saigon stempla som «kollaboratørar» med franskmennene, både militært, politisk og økonomisk. Samstundes måtte dei finne seg i å stå i bakgrunnen under Genève-konferansen. Våpenkvila av 20. juli 1954 vart underskriven av dei militære sjefane for folkeheren til Den demokratiske republikken Vietnam og den franske koloniheren i Indo-Kina.

Det er mot denne bakgrunnen ein må sjå på Geneve-avtalen, som faktisk inneheldt sterke innrømmingar frå Viet Minhs side. Det galdt særleg tilbakedraginga av alle regulære styrkar frå Sør-Vietnam og demarkasjonslina langs den syttande breiddegraden. Når dei gjekk med på det, var det avdi dei sette sin lit til dei frie vala under internasjonal kontroll som skulle haldast i juli 1956. Dei vona med god grunn at slike val kunne føra til samling av landet under ei felles regjering.

Initiativet til våpenkvile kom frå Frankrike. «Fred i Vietnam» hadde no blitt eit folkekrav. Mendes-France reid fram til statsministerstillinga på denne fredsbåra. Då han tok over embetet 17. juni 1954, lova han at dersom han ikkje nådde fram til «ei minneleg ordning» innan 20. juli same året, ville han gå av.

Tilhøva på den internasjonale scena var både til hjelp og til hindring for ei slik utvikling. Den kalde krigen, NATO, den kommunistiske maktovertakinga i Peking 1949, Korea-krigen — alt dette hadde skjerpa ideologiske skiljelinjer og argument i internasjonalt diplomati og offentleg ordskifte. Frankrike hadde nytta ut situasjonen politisk, i og med at den franske regjeringa dei siste to åra hadde forsvara krigen sin i Vietnam ikkje som «hevding av franske interesser i Sørøst-Asia», men som «kamp mot kommunistisk imperialism». Dette argumentet verka særleg stimulerande på amerikansk materiell og finansiell stønad til operasjonane i Vietnam.

Denne kløyvinga på det internasjonale planet verka òg inn på det indre tilstandet i Vietnam. Regjeringane i Den demokratiske republikken Vietnam (i Hanoi) og Staten Vietnam (i Saigon) gjorde begge krav på suverenitet over

heile landet. Det førte til at grensa mellom områda til dei to regjeringane gjekk «tvers gjennom kvar by, landsby, gate og heim i heile Vietnam», for å sitere ein indisk observatør. Ein kunne kanskje leggje til: tvers gjennom sjela til mange som var nøytrale eller rådvile.

Ein må likevel vera klår over at sjølv om sluttstridane mot franskmennene hadde gått på i nord, så hadde kampen stått over heile landet og Viet Minh hadde ein sterk militær og politisk posisjon ikkje minst i Mekong-deltaet sør i landet.

Den diplomatiske godkjenninga som Folkerepublikken Kina og Sovjet-Samveldet gav Hanoi-regjeringa, innebar også godkjenning av suverenitetskrava til desse regjeringane. Situasjonen bar difor i seg ein latent fare for ein ødeleggjande borgarkrig med lagnadstunge internasjonale perspektiv.

På den andre sida var begge partar i konflikten — både Frankrike og Den demokratiske republikken Vietnam utmødd av den lange og blodige krigen. Både USA og Kina var redd for ein utvida Korea-krig. Det nye regimet i Peking gjekk gjennom harde økonomiske og politiske kriser. Alle partar ønskte ei fredeleg ordning. Dette fredspønsket førde fram til Geneve-konferansen i 1954.

*

Opptaket vart gjort av utanriksministrane for Frankrike, Storbritannia, USA og Sovjet-Samveldet under Berlinkonferansen i januar og februar 1954. Dei vart samde om å kalle saman ein konferanse av «alle innblanda og interesserte statar» i Geneve i april same året. Deltakarane var representantar for USA, Frankrike, Folkerepublikken Kina, Storbritannia, Sovjet-Samveldet, Den demokratiske republikken Vietnam (DRV), Staten Vietnam (Saigonregjeringa), Kambodsja og Laos. India var representert uoffisielt. Storbritannia og Sovjet-Samveldet skiftet om formannsplassen.

DRV stod som nemnt sterkt i den aktuelle situasjonen. I lys av situasjonen i dag har det særleg interesse å sjå på dei krava Ho Chi Minhs representant Pham Van Dong sette fram i første omgangen. Han bad først den franske representanten, utanriksminister Georges Bidault, å godkjenne Vietnam som sjølvstendig stat. Han kravde vidare at alle

utanlandske styrkar skulle dragast ut or landet (Det tydde i praksis den franske koloniheren). Det skulle haldast frie val over heile landet med tanke på å nå fram til ei samlingsregjering. Representantar for begge regjeringane (i Hanoi og Saigon) skulle halde konferansar om framgangsmåten ved vala, som skulle haldast med «full aksjonsfridom for patriotiske sosiale parti, grupper og organisasjonar». Det skulle setjast forbod mot framande styrkar, basar og våpenlager over heile landet (i praksis: alle ikkje-vietnamesiske styrkar). Avtalen skulle overvakast av ein kommission med representantar for begge dei stridande partane (DRV på den eine sida, Frankrike og Saigonregjeringa på den andre). På den andre sida sa representanten for DRV seg villig til «å ta opp til drøfting» medlemskap (for eit samla Vietnam) i Den franske Unionen. Det skulle ikkje reisast rettargang mot «vietnamesiske kollaboratørar». Det galdt i første rekkje den vietnamesiske kontingenten til den franske koloniheren, som var meir eller mindre tvangsmobilisert.

Den kinesiske utanriksministeren Chou En-lai stødde desse framlegga. Det same gjorde den sovjetiske utanriksministeren Molotov, med eit tillegg om at overvakingskommissionen burde vere samansett av representantar for *nøytrale* nasjonar. (Det var gjort framlegg om India, Polen og Canada.)

Stod representanten for DRV sterkt, så stod målsmannen for Staten Vietnam under Bao Dais regjering tilsvarande veikt etter det franske nederlaget. Likevel var han djerv nok til å krevje godkjenning av Saigon-regjeringa, med full suverenitet over heile Vietnam. Han gjekk elles inn for frie val under oppsyn av FN «så snart Tryggingrådet var overtydd om at dei verkeleg kunne vera frie». Han kravde også ein internasjonal garanti for den politiske og territoriale integriteten for Staten Vietnam.

Den franske representanten utanriksminister Georges Bidault stødde Bao Dais representant. Han kravde elles at dei regulære hæravdelingane (DRVs folkeher og den franske koloniheren) skulle omgrupperast i samleområde fastsette av Genevekonferansen, under overvaking av ein internasjonal kommission, og at Genevekonferansen skulle garantere alle avgjerder som vart tekne om dei tre landa Vietnam, Laos og Kambodsje.

Den amerikanske representanten general Bedell Smith stødde representanten for Bao Dais regjering utan atterhald eller tillegg.

I dei tingingane som nå følgde spela den birtiske utanriksministeren Anthony Eden ei viktig meklingsrolle som formann for konferansen. Dei fleste vanskane knytte seg til den påtenkte demarkasjonslina og krava frå begge regjeringane om suverenitet over heile landet. Saigon-regjeringa hadde også store innvendingar mot dei fria vala under internasjonal kontroll.

*

Resultatet av tingingane vitnar om at begge partane hadde måtta gje tøyg. Det gjeld ikkje minst representantane for DRV, som på dette tidspunktet hadde avgjort overtaket både politisk og militært over mesteparten av landet både i nord og i sør. Når dei gjorde dette, var det i den ikkje ugrunna trua at vala som skulle haldast i samsvar med avtalen ville gå i deira favør.

Geneve-avtalen fell i to partar: Ein avtale om våpenkvile og ei «sluttfråsegn» (Final declaration).

Avtalen om våpenkvile vart underskriven 20. juli 1954 av militære representantar for DRVs folkeher og øvstkommanderande for dei franske styrkane.

I samband med omgrupperinga av dei vepna styrkane vart det dratt ei provisorisk demarkasjonsline tvers gjennom landet, frå havet til grensa mot Laos. Den gjekk midt gjennom den tidlegare provinsen Annam.

Dei viktigaste punkta i våpenkvileavtalen elles var:

Dei franske styrkane skulle draga seg or landet i etappar i løpet av tre hundre dagar frå avtaledagen. Dei regulære styrkane til DRV skulle dra seg ut or området sør for den syttande breiddegraden innanfor same tidsromet. Internerte personar og krigsfangar skulle sendast til heimstadene sine. Alle sivile skulle ha rett til å flytte nord eller sør for demarkasjonslina i det tidsromet den militære omgrupperinga gjekk for seg. Folk skulle vera trygga mot represaliar og nyte «alle demokratiske rettar».

Ein sams komite av representanter for DRVs hær og

«fransk-vietnamesiske» styrkar skulle ha overoppsyn med alle tekniske detaljar ved iverksetjinga av avtalen. Eit viktig vedtak var at det skulle setjast ned ein internasjonal kommission av mobile og stasjonære grupper, rekrutterte frå dei «nøytrale land» India, Polen og Canada, med leiaren av den indiske kontingenten som formann. Kommissjonen skulle halde auge med at våpenkvile-avtalen vart halden. Artikkel 14 (a) i avtalen slo fast at det skulle haldast allmenne val i Vietnam med tanke på politisk samling av landet.

Dagen etter at våpenkvile-avtalen vart underskriven, 21. juli, skreiv alle deltakarane på konferansen — med unntak av USA og Staten Vietnam under på ei «sluttfråsegn».

Her heiter det at «Konferansen er overtydd om at Kambodsja, Laos og Vietnam no vil kunne vera med i det fredelige fellesskapet til nasjonane, som fullt sjølvstendige og suverene statar.»

Det meste av fråsegna galdt berre Vietnam. Det heiter her i utdrag og samandrag:

I paragraf 4 slår konferansen fast at han «har merka seg dei særvedtektene i avtalen om å innstille kamptiltak i Vietnam, som set forbod mot å sende utanlandske herstyrkar og (andre) militære og våpen og ammunisjon av alle slag til Viettnam».

Det heiter vidare i paragraf 5: «Konferansen merkar seg dei særvedtektene . . . , som går ut på at innanfor dei sonene (nord og sør for demarkasjonslina) som er tildelt dei to partane, må militære basar ikkje bli stelt til rådvelde for frammande statar. Kvar av dei to partane har plikt til å passe på at dei sonene dei har fått seg tildelt, ikkje kjem med i nokon militær allianse og ikkje blir brukt til å setja i gang nye fiendslege tiltak eller blir utnytta til aggressiv politikk.»

Paragraf 6 lyder: «Konferansen ser det slik at hovudformålet med avtalen om Vietnam er å avgjera militære spørsmål med tanke på å gjera slutt på kamptiltaka, og at den militære demarkasjonslina er provisorisk, og at ho på ingen måte kan tolkast som ei politisk eller territorial grense.»

Den like viktige paragraf 7 lyder slik:

«Konferansen slår fast at når det gjeld Vietnam, må dei politiske problema løysast med grunnlag i prinsippa for *sjølvstende, einskap og territorial integritet*, slik at det vietname-

siske folket får nyte godt av dei grunnleggjande fridomar, verna av demokratiske institusjonar som blir skipa etter frie, allmenne og hemmelege val. For å tryggje at det blir gjort tilstrekkeleg framgang for fred, og at det blir skapt naudsynte vilkår for eit fritt uttrykk for folkeviljen, *skal det haldast allmenne val i juli 1956*, under oppsyn av ein internasjonal kommission samansett av representantar for medlemstatane i den internasjonale overvakingskommissjonen som er nemnd i avtalen om våpenkvile (India, Polen og Canada). Om dette emnet skal det haldast drøftingar mellom dei kompetente representative styremaktene i dei to sonene (nord og sør for den syttande breiddegraden) frå og med 20. juli 1955.»

Desse tre paragrafane, 5—7, er dei mest aktuelle i dagens situasjon. Dei er framleis hjørnesteinen i DRV's («Nord-Vietnam») referanse til Geneve-avtalen som grunnlag for fredstingingar.

Paragraf 8 og 9 slår fast at «alle i Vietnam fritt må få velja kva sone dei ønskjer å bu i» og forbyr represalier «både i den nordlege og sørlege sona i Vietnam mot personar som på ein eller annan måte har samarbeidd med ein av partane i krigen, eller mot medlemmer av familiene deira.»

Paragraf 12 slår fast eit allment prinsipp: «Når det gjeld tilhøvet til Kambodsja, Laos og Vietnam bind alle deltakarane på Geneve-konferansen seg til å *respektare suvereniteten, sjølvstendet, einskapen og den territoriale integriteten* til desse landa, og halde seg unna all innblanding i deira indre saker.»

Denne sluttfråsegna vart då underskriven av Frankrike, Storbritannia, Sovjetsamveldet, Folkerepublikken Kina (ved utanriksministrane Georges Bidault, Anthony Eden, V. Molotov og Chou en-lai) og av representantane for Den demokratiske republikken Vietnam (DRV), Kambodsja og Laos.

Den seinare utviklinga har til overmål synt kvifor USA og Staten Vietnam (Saigon-regjeringa) ikkje skreiv under, noko dei ikkje har unnlata å minne om som orsaking for dei eklatante brot på Geneve-avtalens ånd og bokstav dei har gjort seg skuldige i, frå 1954 til i dag.

Til dette kjem at representanten for Staten Vietnam ikkje hadde vore med på tingingane om våpenkvile ein gong.

Naturleg nok var det den franske øvstkommanderende som hadde greidd med det.

På sluttmøtet til konferansen slo den amerikanske representanten general Bedell Smith likevel fast i ei «einsidig fråsegn» at USA, i samsvar med FN's Charter artikkel 2 (4), ville halde seg frå å true med eller bruke makt for å bryte avtalene, men «ville sjå med uro på alle nye tiltak som braut med dei nemnde avtalane, avdi dette ville vera eit trugsmål mot internasjonal fred og tryggleik».

Tre dagar etter sa den amerikanske utanriksministeren Foster Dulles at «frå no av gjeld det ikkje å sørgje over fortida, men gripe framtidige sjansar til å hindre at tapet av Nord-Vietnam fører til utviding av kommunismen over heile Sørøst-Asia og det sørvestlege Stillehavsområdet». Han la til at «steg vil bli tatt straks for å få i stand kollektive ordningar som trygger Sørøst-Asias frie folk».

Allereide dette var i motstrid med paragraf 18 i våpenkvileavtalen, der det heiter at «dei to partane skal sørgje for at dei sonene som dei har fått seg tildelt ikkje blir knytt til nokon militær allianse».

Elles vart Geneve-avtalen helsa med lette jamvel i Frankrike, «den store taparen» og med velnøye i Storbritannia og Sovjet-Samveldet. Den indiske statsministeren Nehru kalla Geneve-avtalen «den største diplomatiske dåd i den mørke etterkrigstida».

I Vietnam løyste meldinga om Geneve-avtalen ut veldige glededemonstrasjonar over heile landet, særleg i nord, men også i Saigon. Den fælslege åtteårige krigen var over. For Hanoi-regjeringa var det bittært at DRV's folkeher som hadde stridd i heile landet mot det franske koloniveldet og vunne ein stor siger, måtte draga seg nord om demarkasjonslina, medan titusenvís av aktive geriljafolk, tilhengjarar av Viet Minhs politiske program og bønder som hadde nytt godt av jordreforma i sør, no skulle bli offer for den nye «sterke mannen» amerikanarane hadde sett inn i Saigon, katolikkføraren Diem. Diem synte straks si innstilling til Geneve-avtalen med å kunngjera flagging på halv stang i Saigon.

Regjeringa til Den demokratiske republikken Vietnam sette likevel sin lit til dei allmenne vala under internasjonal kontroll som skulle haldast i juli 1956 i samsvar med Geneve-

avtalen, som trass alt var ein stor siger ikkje berre for Vietnam, men i sin vidare verknad også for Kambodsja og Laos.

*

USA OG VIETNAM

USAs interesse for Vietnam skriv seg frå slutten av andre verdskrigen, då særleg den amerikanske etterretningstenesta hadde god grunn til å setja pris på Viet Minhs lokalkunnskap og geriljaverksemde bak dei japanske linjene i Sørøst-Asia.

Men interessa var gjensidig. Vietnamesarane vona på moralsk og økonomisk stønad frå USA i krava sine om eit samla og sjølvstendig Vietnam. Ellen Hammer skriv om dette i boka si «The struggle for Indochina»:

«Dei amerikanske politiske aksjane stod høgt i Hanoi i august og september 1945, då USAs namn kalla fram tankar på sjølvstendekunngjeringa, George Washington, Abraham Lincoln og Det atlantiske Charteret. Agentar for O.S.S. (Office of Strategic Services) hadde ikkje lagt skjul på sin sympati for dei vietnamesiske aspirasjonane. Men det viste seg snart at USA ville ikkje gjera noko for Viet Minh.»

Dei siste månadene av krigen førde Viet Minh ein open kamp mot japanarane og dei sette like mykje inn på å kunne marsjere inn i Hanoi med same velgrunna våpenære som føraren for den franske utefronten, general de Gaulle i sitt Paris. Viet Minh reid difor fram på den same sigersbåra som dei allierte i august og septemberdagane 1945. Det vanta ikkje på ros og medaljer både frå amerikansk og britisk hald.

Då omslaget kom var det utan tvil først og fremst på grunn av det radikale sosiale programmet til Viet Minh, som snart vart identifisert med Mao Tse Tungs program. Han tok no til å få tyngda av det kinesiske folket med seg på «den lange marsjen» mot Peking. Chang Kai-sheks stjerne var i ferd med å dale. Fire år seinare sat Mao i Peking og Chang Kai-shek på Formosa.

Ho Chi Minh hadde utan tvil lært mykje av kinesisk militærstrategi og politisk taktikk. Kanskje var Giap, den militære føraren, i mykje høgare grad ein elev av Mao. Ho

Chi Minh hadde vore lenger i europeisk politisk skole enn dei yngre medarbeidarane hans. Det gjekk att i hans «folkefront»-taktikk og hans meir syntetiske politiske filosofi, der fransk-britisk-amerikansk liberal og sosialistisk tankegang hadde sett djupe merke, før han «oppdaga» Lenin.

Då Ho Chi Minhs radikale jord-reform-programm tok til å få form, ikkje berre i sjølvstendekunngjeringa av 2. september 1945, men også i praktiske lovtiltak og politisk gjennomføring, vart han etter kvart «stempla» som Mao-ist og kommunist i den tyding amerikansk vulgærfilosofi legg i dette ordet. Amerikanarane hadde satsa på Chang Kai-shek og tapt. Mao Tse Tung vart etterkvert den store asiatiske busemannen. Skuggen av dette fall og på Ho Chi Minh og hans «nasjonalrevolusjonære» rørsle, Viet Minh. Her har vi grunnlaget og opphavet til det «ideologiske» islettet i den krigen USA i dag fører mot Den demokratiske republikken Vietnam og arvtakar-organisasjonen til Viet Minh i sør, Den nasjonale frigjeringsfronten. Her er og grunnlaget for den finansielle stønaden USA gav til Frankrike under krigen frå 1946 til Geneve-konferansen. Det same gjeld den politiske, finansielle og til slutt militære stønad USA har gitt til dei reaksjonære motregjeringane til Hanoi-regjeringa i Saigon, frå Diem til marsjall Ky.

*

Den amerikanske hjelpa til Frankrike og Bao Dais mario-nettregjering i Saigon kom sterkt inn i biletet under den åtteårige fridomskampen Viet Minh førde mot den franske koloniheren.

Mellom 1950 og 1954 sende USA økonomisk og militær hjelp til franskmennene i Vietnam til ein verdi av 2.6 billionar dollars. Det var 80 prosent av det krigen kosta. Hjelpa auka etter kvart som stillinga til franskmennene vart desperat. I 1953—54 var den komen opp i 1.8 billion dollars. Ein offisiell amerikansk rapport frå denne tida går ut på at styrkeforholdet mellom koloniheren og Viet Minh var 5 til 3 i mannskap, «men på grunn av amerikansk hjelp var styrkeforholdet i våpen og utstyr 10 til 1.»

Den desperate situasjonen avla desperate planar. Ein av dei bar det karakteristiske kodenamnet «gribbe-operasjonen»

(Operation Vulture). Det var ein felles fransk-amerikansk plan som gjekk ut på «total utsletting» av DRV's folkeher med eit åtak av 300 jagarbombefly frå hangarskip og 60 tunge bombefly frå Filippinane.

Planen stranda på motstand frå president Eisenhower, som hadde eit meir realistisk syn både på den militære og den politiske situasjonen. Nokre år seinare skreiv Eisenhower i sine memoar, «Mandate for Change»: «Fienden hadde stor sympati hos folket og mange sivile hjelpte dei med tak over hovudet og informasjonar. Franskmennene var sterke nok til å vinne, dersom dei kunne få dei regulære vietnamesiske soldatane til å slåst for alvor på deira side med stønad av sivilfolket. Men geriljakrig kan ikkje nyttast begge vegar. Vanlegvis kan berre ei side vente seg påliteleg hjelp frå sivilfolket.» . . . Eisenhower hevda at franskmennene aldri kunne vinne krigen på grunn av den indre politiske situasjonen i landet, og legg til: «Eg har aldri tala eller skift brev med folk som kjenner indokinesiske forhold, som ikkje har vore enig i at hadde det vorte val medan kampane stod på, ville 80 prosent av folket ha røysta for kommunisten Ho Chi Minh heller enn statssjefen Bao Dai.»

Etter nederlaget ved Bine Dien Phu 7. mai 1954, dagen før tingane tok til i Geneve, bad den franske overkommandoen i Vietnam om våpenkvile. Representantane for Den demokratiske republikken Vietnam (DRV) møtte såleis til konferansen som sigerherrar, militær sett. Geneve-avtalen innebar også håp om ein politisk siger for Viet Minhs program om eit samla, sjølvstendig, sosialt reformert og nøytralt Vietnam.

USA samla seg no om å velte dei politiske målsetjingane til Geneve-avtalen. Deira reisepålegg for å nå dette målet var Ngo Dinh Diem.

Diem var ein ektefødd son av den vietnamesiske mandarinklassen, den feudale administrasjonen som franskmennene alltid hadde brukt til sine egne føremål. Han var katolik og fekk etter kvart eit namn som talsmann for større og betre rom for vietnamesarane innanfor det franske koloniveldet. I 1953 då terroren mot den vietnamesiske nasjonale og sosiale frigjeringsrørsle nådde eit høgdepunkt, med tusenvis av drepne og fengsla vietnamesiske patriotar, let Diem

seg pensjonere frå den franske administrasjonen. Men han deltok aldri i aktive nasjonalistgrupper. Han var kjent som ein «nasjonal fatalist», som vona at ein kunne «vinne dei mektige i denne verda med appellar til deira skjønsemd og hjelp». Dette prega hans innstilling til franskmennene, deretter til japanarane, så atter franskmennene. Men «skjønsemd og hjelp» fann han først hos amerikanarane.

Diem kom til USA i 1950 som gjest ved Michigan State University. Han vann mange vener i katolske krinsar, først og fremst hos den mektige kardinalen Spellman.

Den amerikanske Supreme Court Justice Willam O. Douglas hevda at Diem representerte «den tredje makt» (mellom franskmennene og Viet Minh) som USA søkte. Han skreiv: «Diem står høgt i ære hos vietnamesarane avdi han er ærleg og uavhengig og stod fast mot franskmennene». Men samtidig vedgjekk han at «det er liten tvil om at når det gjeld popularitet har Ho Chi Minh framleis overtaket».

Under dei tre åra Diem var i USA og «stod fast mot franskmennene» — medan titusenvis av hans landsmenn fall i fridomskampen mot den franske koloniheren — arbeidde Diem seg opp ein fast posisjon som amerikanskstødd kandidat til statsministerstillinga i Saigon.

Formelt vart Diem innsett som statsminister av Bao Dai og tok over stillinga 7. juli 1954 — snaue to veker før Geneve-avtalane var losa i hamn. Men i realiteten vart han innsett av den amerikanske regjeringa.

Dette mønstret var følgt også seinare. Då Diem vart drepen av sine eigne offiserar etter eit terrorregime som søkjer sin like i moderne historie, tok den lange rada av militære diktatorar til å gå over scena i Saigon — heilt fram til marsjall Ky.

Historia til den amerikanske intervensjonen har gått gjennom mange faser. Men hoveudtendensen har vore eit stendig klårare avvik frå eit opphavleg politisk, økonomisk og «ideologisk» press til ein meir og meir open *militær* intervensjon. I strid med FN's Charter og all folkerett — har USA gripe inn i ein borgarkrig, i eit folk som etter Geneve-avtalens ånd og bokstav ikkje er to men ein nasjon frå nord til sør, sjølv om det innanfor dette området, som resultat av framand innblanding, er to regjeringar.

Til dette kjem den måten særleg luftkrigen blir ført på, både i nord og sør. Alt dette har ført umenneskelege lidingar over det vietnamesiske sivilfolket.

DEN NASJONALE FRIGJERINGSFRONTEN

Der er to hovudgrunnar for opprøret mot Saigon-regimet i Sør-Vietnam: Den første og kanskje viktigaste var vonbrotet over at dei allmenne, frie vala *over heile landet* under internasjonal kontroll som skulle haldast 20. juli 1956 vart sabotert av Diems regjering med full stønad av USA. Grunnen var klart uttrykt i ei lang rad med offisielle amerikanske utsegner: Ved desse vala ville Viet Minhs politiske program ha fått eit trygt rom, for ikkje å seia fleirtalet i den samlingsregjeringa dese vala skulle ta sikte på.

Den andre grunnen var sosial: Kampen for å bryte det feudale godseigarveldet, som med god stønad av det koloniale systemet hadde sogt ut bønder, leiglendingar og landarbeidarar. Opprøret til folket i Sør-Vietnam minner mest av alt om bondeopprør og bonderørslar som ein no vil finne nemnde både med ære og godkjenning i mang ei europeisk lærebok i historie.

Gneisten som tende dette opprøret var Diems forsøk på å velte dei jordreformene Viet Minh hadde vore i full gang med å gjennomføre i Sør-Vietnam midt under krigen mot franskmennene. Titusenvis av bønder sat no som sjølv-eigarar på dei utparsellerte storgodsa og leiglendingane hadde fått lette i skatte- og rentetrykket. Godseigarane hadde vegetert i Saigon, Paris og Hongkong medan bøndene deira skiftesvis hadde dyrka jorda og kjempa med våpen i hand mot dei franske kolonistyrkane. Dei vende no tilbake med Diems fullmakt ikkje berre til jorda men til det gamle rentesystemet. Dei kravde til og med rente med åtte års tilbakeverkande kraft.

Dei regulære Viet Minh-styrkane hadde i samsvar med våpenkvile-avtalen vorte omgruppert nord for demarkasjonslina langs den syttande breiddegraden, jamvel dei som hadde heim og familie i Sør-Vietnam. Men dei irregulære lokale geriljastyrkane hadde stort sett vorte att. Mange av dei

hadde grave våpna sine ned. Ein kunne aldri vite! Demarkasjonslinja vart ei *de facto* grense etter utløpet av fristen for dei vala som skulle annullere denne grensa. Mange av dei som hadde heime i Sør-Vietnam flytte då tilbake. Dei fleste måtte ta seg fram gjennom Laos, for «grensa» var stengd.

*

Kampevna og ikkje mindre kampmoralen til FNL har vekt undring over heile verda: mange spør seg sjølve korleis det er mogleg for ein talmessig og endå meir teknisk underlegen militærorganisasjon å halde militært tre fjerdepartar av det sørvietnamesiske området og samstundes halde i live og i arbeid dei 8—9 millionar menneske som bur i dette området, og det under stadig herjing frå ei djevelsk «moderne» krigføring?

Svaret er FNL og det denne organisasjonen står for. Det er på tide å ta denne organisasjonen ut or den fantomstillinga ei systematisk ihelteing har sett han i. FNL står for det franske namnet, Front de Libération national. Utnamnet «vietkong» (vietnamesiske kommunistar) vert lansert av Diem og vitnar berre om den blinde fanatismen som alle sosialradikale rørsler vekkjer i dertil eigna miljø.

Men kva er så Den sørvietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten? La oss høyre på det eit par av deira eigne folk har å seia. Og lat oss sjå litt på programmet deira.

Den australske journalisten Burchett har levt i mange månader blant FNL-folk, både i krigsområda og bak fronten. Han har intervjuet ei lang rad med førande folk i organisasjonen. Om opphavet til FNL fortel professor Dr. Nguyen Van Hieu, medlem i presidiet for FNLs Sentralkomite «ein stad i Sør-Vietnam».

Vi siterer etter bulletinen til Den svenske solidaritetskomiteen for Vietnam:

Under de första åren efter Geneveavtalet använde det sydvietnamesiska folket inga våldsmetoder i kampen för sina krav på bättre levnadsförhållanden, fred, oavhängighet och demokrati, men fienden svarade på denna kamp med kulor och bomber. Under imperialisternas och Saigonregjeringens hänsynslösa terror upplevde våra landsmän de svartaste dagarna av sina liv. Från och med 1959 blev det

sydvietnamesiska folket tvunget att gripa till vapen för att försvara sig, och folket står beslutsamt fast vid att inte lägga ned vapnen förrän de amerikanska angriparna uppgivit sin aggressionspolitik.»

Quiet Thank, ein veteran frå Viet Minh fortel:

«Vi hade en organisation, Viet Minh, som genomförde det första motståndskriget. Det stod ingenting i Geneveavtalet om att denna organisation skulle upplösas när paragrafen om eld-upphör trädde i kraft, eller att alla Viet Minh-anhängare skulle dra sig tillbaka norr om den 17:e breddgraden, med den reguljära armén. I så fall skulle en stor del av befolkningen bli tvungen att lämna sina hem och sina byar. Trots att Diem-anhängarna gjorde sitt bästa för att jaga och plåna alla tidligare Viet Minh-medlemmar, och över huvudtaget alla som hade något att göra med den första motståndsrörelsen, oavsett i vilken utsträckning, så finns det fortfarande många som är verksamma. Vi finner olika sätt att hålla kontakt trots riskerna och svårigheterna.»

Går vi så över til sjölve organisasjonen, så heiter det i innleiinga til Programmet for FNL av 20. desember 1960:

«Sedan de franska kolonisterna invaderade vårt land i midten av 1800-talet har vårt vietnamesiska folk outtröttligt kämpat för nationellt oberoende och frihet. 1945 reste sig våra landsmän i hela landet, störtade det japanska och franska herraväldet och grep makten, och fortsatte sedan heroiskt ett motståndskrig i 9 år, besegrade de franska angriparna och amerikanska innkräktarna och förde vårt folks tappra motståndskrig till en ärorik seger.

Vid Genevekonferansen i juli 1954, blev de franska imperialisterna tvungna att förplikta sig att ta bort sina trupper från Vietnam. De länder som deltog i konferansen förklarade högtidligt att de erkände Vietnams suveränitet, oberoende, enighet och territoriella integritet. Efter detta erkännande skulle vi ha kunnat ena folket i hela landet i fred och byggt ett Vietnam som varit oberoende, demokratiskt, blomstrande och starkt.

Emellertid har de amerikanska imperialisterna som tidigare hjälpte de franska trupperna att massakrera vårt folk, nu lagt fram planer på att dela vårt land för en lång tid, slavbinda den södra delen genom en förklädd kolonialregim

och göra det til en militär bas som ett led i förberedelsen till ett aggressivt krig i Sydostasien. De har ført Ngo Dinh Diemklicken — sina hantlangare — till makten under en förfalskat oberoende statsskylt och använder sin «hjelppolitikk» och «rådgivarapparat» för att hålla alla de militära, ekonomiska, politiska och kulturella grenarna i Sydvietnam i sina händer.

Vi måste ha FRED, vi måste få OBEROENDE. Vi måste få tillräckligt med mat och kläder. Vi måste få en fredlig återforening av fäderneslandet. Detta är våra yttersta och viktigaste mål. De har givit oss en järnvilja och en väldig styrka som inspirerar vårt folk att ena sig och resolut resa sig för att störta de amerikanska imperialisterna och deras hantlangare. FNL har bildats i enlighet med fädernes landets högsta intressen, i enlighet med den progressiva tendensen i världen.

FNL påtar sig att förena folk av alla samhällslager, sociala klasser, politiska partier, religiøs tilhørighet i Sydvietnam, för att bekämpa och störta de amerikanska imperialisterna och deras hantlangare, för att slutligen förverkliga OBEROENDE, DEMOKRATI, FRED osh NEUTRALITET i Sydvietnam och åstadkomma en FREDLIG ÅTERFÖRENING AV FÄDERNESLANDET.»

Dei ti punkta i Programmet til FNL lyder slik:

1. Å kaste det kamuflerte kolonistynet til dei amerikanske imperialistane og diktaturet til Diem, som er i amerikansk teneste, og setje inn ei nasjonal, demokratisk samlingsregjering.
2. Å reise eit breit og framstegsvenleg demokrati.
3. Å reise ein sjølvstendig og suveren økonomi og betre levevilkår for folket.
4. Redusere jordrenta, gjennomføre ei jordreform med det mål å skaffe jord til dei som arbeider med jorda.
5. Utvikle ein nasjonal og demokratisk kultur og undervisning.
6. Reise ein her til å forsvara fedrelandet og folket.
7. Garantere likskap mellom dei ymse minoritetar og mellom menn og kvinner.

8. Før ein utanrikspolitikk som tar sikte på fred og nøytralitet.
9. Atterreise normale tilhørve mellom dei to sonene i nord og sør og førebu ei fredeleg samling av landet.
10. Kjempe mot alle former for åtakskrig og gå aktivt inn for internasjonal fred.

*

Til kvart av dei ti punkta er knytt kommentarar og detaljerte utgreiingar.

Til punkt 2 heiter det mellom anna:

«Ei nasjonalforsamling skal veljast med allmenne val. Det skal innførast grunnleggjande demokratiske fridomar. . deriblant forsamlings- og organisasjonsfridom. Fridom for patriotiske organisasjonar å drive si verksemd utan omsyn til politisk innstilling.»

Av særleg interesse er ei kunngjering av 10. august 1962 i tilknytning til punkt 8: Det heiter her (etter den svenske Vietnam-bulletinen):

«Med utgangspunkt frå de nationella intressena hos folkmajoriteten i Sydvietnam deklarerar FNL att den syftar till en regjering i Syd-Vietnam som følger en konsekvent neutralitetspolitikk.

Frontens neutralitetspolitikk omfattar følgjane punkter:

1. Sydvietnam ska i egenskap av oavhängig, suverän stat som åtnjuter territoriell integritet ej ansluta sig till något militärblock eller någon militärmakt, ej ingå något militärt förbund med annat land eller sluta fördrag med annat land så att Sydvietnams neutralitet riskeras.
2. Eftersom landet ej tolererar stridsförband, militärförband och militära baser av främmande nationalitet på sitt territorium måste de utländska statsmakterna dra bort sina trupper och sin militäre personal från Sydvietnam.
3. Beträffande såväl inrikes som utrikespolitik förhåller sig Sydvietnam som en fullt oavhängig och suverän stat som ej stödjer något militärblock eller någon stat. Ingen främmande makt eller militärblock har rätt att blanda sig i Sydvietnams inre angelägenheter, ej heller utöva påtryckning i militärt, ekonomiskt, kulturellt eller utrikespolitiskt avseende .

4. Sydvietnam hyllar Bandungkonferensens fem prinsipper om fredlig sameksistens med alla länder oavsett deras ideologi och regeringspolitikk. Sydvietnam søker opprätta ett godt forhold til andre stater gjennom diplomatiske forbindelser under forutsetningen at dessa stater erkänner Sydvietnams nasjonale suverenitet og behandlar landet i enlighet med grunnprinsippet om likabehandling. Sydvietnam tillåter ej att någon stat hotar andra länders säkerhet för att utvidga sitt eget territorium.»

Det ikkje mindre viktige punkt 9 blir kommentert slik i programmet til FNL:

«Folkets angelagne krav over hela landet är att fäderneslandet ska återförenas med fredliga medel. FNL stöder en stegvis utvecklande och fredlig återförening på grundval av förhandlingar och diskussioner mellan de två zonerna. I väntan på återförening ska regeringarna i de två zonerna lova att bannlysa all separatistisk och krigshetsande propaganda och inte bruka våld för att lösa skiljaktigheterna mellan de två zonerna. Handel och kulturutbyte mellan de både zonerna ska genomföras. Invånarna får frihet att förflytta sig genom landet så som deras familje- och affärsintressen gör påkallat. Postförbindelsernas frihet garanteras.»

MENNENE BAK PROGRAMMET

Ikkje mindre viktig er kvaliteten til dei menn og kvinner som står bak FNL-rørsla.

Den nasjonale frigjeringsfronten er organisert med ein sentralkomite med sitt Presidium.

Formannen i Presidiet er


NGUYEN HUU THO

Han er fødd i 1910 i Cholon. Han studerte jus i Frankrike og praktiserte som advokat i Saigon. Han vann seg eit namn som forsvarar av vietnamesiske motstandsmenn mot det franske kolonistyre. I slutten av 1940-åra var han formann i ein organisasjon av studenter og funksjonærer som arbeidde for demokratiske og

Nguyen
Huu Tho



sosiale reformar i Bao Dais styre i Saigon. I 1950 vart han arrestert som førar for 19de mars demonstrasjonane mot den veksande amerikanske innblandinga. Han vart deportert til Lai Chau i Nord-Vietnam, men vart sett på frifot etter Geneve-konferansen i 1954. Han grunnla då i Saigon «Komiteen for forsvar av freden og Geneve-avtalen». Under Diems styre vart han arrestert på nytt og ført frå fengsel til fengsel til han vart fria ut ved eit kupp i 1961. Sidan då har han vore førar for Frigjeringsfronten og formann for presidiet i Sentralkomiteen «ein stad i Sør-Vietnam».



*Huynh
Tan Phat*

HUYNH TAN PHAT

Nestformann i Presidiet til Den sørvietnamesiske nasjonale Frigjeringsfronts sentralkomite og generalsekretær i Det sørvietnamesiske demokratiske partiet. Han er fødd i 1913 i My Tho og er utdanna (i Frankrike og Saigon) som arkitekt. Var med i geriljakampen mot den japanske okkupasjonen og i Viet Minh mot det franske koloniveldet. Han vart tatt til fange og sat fengsla til Genevekonferansen. Under Diem-regimet måtte han rømme til området til Den na-

sjonale frigjeringsfronten og kom straks med i leinga der. Han var i mange år redaktør for tidsskriftet «Jeunesse» (Ungdom) som kom ut illegalt i lange periodar.

Andre framstående medlem i presidiet er:

Dr. med. *Phung van Chung*. Han er også formann i Rådet for sivilt og militært helsestell og formann i Sør-Vietnams fredskomite.

Me The Nhem, formann i den buddhistiske organisasjonen Ba Lieu. Han har vore munk sidan sin barndom. Var med i kampene mot den franske koloniheren, med Viet Minh, og mot forfylgjinga av buddhistane under Diem-regimet.

Nguyen
Thi Dinh



NGUYEN THI DINH

Medlem av sentralkomiteen og sjef for «lottene» og Røde Kors organisasjonen til Frigjeringsfronten.

Ho har vore med i motstandsrørsla mot franskmennene og deretter Diems regjering og sidan 1961 i Frigjeringsfronten. Både mannen hennar og den einaste sonen vart dømt til døden og avretta under Diem-terroren.

*

Det som slår ein i programmet til FNL er den nære slektskapen med Viet Minhs program frå den første kamp-tida. Det fører og mange kanalar ut til andre politiske organisasjonar utanfor dei områda FNL rår over, først og fremst dei sterke buddhistorganisasjonane som no er i rørsle mot marsjall Kys regjering. Framtida vil vise om det kan strekkjast hender over frå FNL til buddhistane. Fleire buddhistsektar er representert i FNLs sentralkomite. Men denne brua kan ikkje slåast før det blir fred i Vietnam.

Det er to instansar som har avgjerda om fred i si hand, det er USA og FNL. FNL er USAs militære og politiske hovudkomatant. Like lite som Ho Chi Minh vil la seg bombe til forhandlingsbordet vil FNL finne seg i å bli representert ved ein stedfortredar.

*

USA's POLITIKK UNDER KRITIKK

Når det gjeld kritikk av USA's politikk skal vi gje ordet til den amerikanske opposisjonen, representert ved senator Wayne Morse og den amerikanske «Juristkomiteen for krigen i Vietnam.»

Wayne Morse sa i ein tale i Senatet i september 1965:

Herr president.

Eit av dei store skifte som har gått for seg i USAs utanrikspolitikk dei siste fem åra, har vore ei annullering av vår tidlegare vilje til å fremme lov og rett i mellomfolkeleg samkvem. Ingen annan nasjon var sterkare engasjert enn vi i grunnlegginga av FN. Og ingen annan nasjon i verda har formana alle andre meir enn vi, om å praktisere fredelege løysingar på internasjonale konflikhtar og då helst i FNs regi.

I Vietnam har vi håna både lov og rett og FNs Charter. Hykleriet i den pris USA har gitt FN og FNs føresegner om internasjonal lov og framgangsmåte, har gjort landet vårt stor skade hos mange spesialistar på internasjonal lov i heile verda. Den uerklærte krigen vår i Sørøst-Asia, med opplagt brot på vår påståtte vilje til å erstatte krigens jungel-lov med lov og rett, har gjort stor skade på vårt gode namn og rykte i internasjonalt samkvem. Vårt gode namn og rykte blant millionar av menneske i utviklingslanda har vorte skitna til av den uforsvarlege krigføringa vår i Sørøst-Asia.

Vi har mist mykje meir prestisje og såkalla andlet blant folkemassane i Asia, Afrika, Sør-Amerika og for den saks skuld også i den vestlege verda, enn vi på nokon måte kunne ha mist, dersom vi ope og ærleg hadde vedgått for mange år sidan at det var eit mistak av oss å gripe einseitig inn med militærmakt i Sørøst-Asia.

Heilt sidan våre første brot på Geneve-avtalen, då vi sette inn den første marionettregjeringa vår i Sør-Vietnam, Diem-regimet, har vi brote den eine læresetning etter den andre i internasjonal lov og den eine avtale-paragrafen etter den andre. Og verda veit om det. I over ti år har vi skrive inn i historieboka, med USAs uforgjeengelege blekk, brot på Geneve-avtalen og artikkel etter artikkel av FNs Charter

og til og med brot på artikkel 1, paragraf 8 i USAs Konstitusjon. Det er ein sørgjeleg og sjokkerande kronikk om vår vraking av lov og rett i utanrikspolitikken vår.

Vår einseitige intervensjon i Vietnam har halde fram utan stogg, samtidig med at vi sende fromme brev til FNs generalsekretær, med framlegg om at han kanskje kunne finne ein eller annan utveg til å få medlemene i FN med på ein freistnad på å gjenreise fred i Sørøst-Asia. Men våre diplomatiske vink til FN var så innsveipte i tome ordlag, at heile verda visste at USA ikkje kom med ei oppmoding til FN om å ta over full jurisdiksjon av trugsmålet mot verdsfreden i Asia på FNs vilkår, men på våre vilkår.»

Morse tok deretter eit oversyn over tilfelle der andre medlemsland har vore innblanda i internasjonale konflikhtar og der USA har vore med på å få dei under FNs kontroll. Tilslutt bad han om at memorandumet frå *Juristkomiteen for amerikansk politikk i Vietnam* skulle bli innlemma i Kongress-referatet (Congressional Record).

*

Vi skal her gje att hovudpunkta i dei resultat juristkomiteen har kome til, sitert etter *Congressional Record* for første session av den 89de Kongressen.

Det heiter her, innleiingsvis:

«Juristar har vore plaga av tvil om det amerikanske engasjemanget i Vietnam har rettsleg grunnlag i ordlyden av vår Konstitusjon og FNs Charter. Endå USA til å byrje med kom til Vietnam berre med rådgjevarar, har no (september 1955) 125 000 soldatar gått over frå ei passiv rolle til aktiv kamp. Amerikanske flystyrkar har gong på gong gjort åtak på mål i Nord-Vietnam. Er slike tiltak som reiser eit trugsmål om ein storkrig, i samsvar med vår Konstitusjon, våre plikter i samsvar med FNs Charter og vedtektene i Den sørøstasiatiske kollektive forsvarsavtalen (SEATO)?

Vi skal her granske og vurdere dei grunnar som har vore ført i marka for å rettferdiggjera den framgangsmåten regjeringa vår nyttar når det gjeld Vietnam.»

Juristkomiteen tar først for seg denne politikken i lys av FNs Charter. Det heiter her:

«(FN's) Charter er hjørnesteinen i eit verdssystem av nasjonar som godtar at fredelege tilhøve, utan bruk av makt eller trugsmål om bruk av makt er det grunnleggjande rettslege tilhøve dei imellom.

Desse vedtektene i Charteret er relevante:

a) «Alle medlemmer skal i sine internasjonale tilhøve halde seg unna trugsmål om eller bruk av makt mot den territoriale integriteten eller politiske sjølvstendet til nokon stat eller andre metodar som ikkje er i samsvar med formåla til FN.» (Kapittel 1, artikkel II (4).)

b) «Tryggingsrådet skal avgjera om det eksisterer noko trugsmål mot freden, brot på freden eller aggressive tiltak og koma med tilrådingar eller avgjera kva tiltak som kan gjerast for å halde ved like eller gjenreise internasjonal fred og tryggleik.» (Kapittel VII, 39.)

Det er såleis klårt at medlemmer som har skrive under FN's Charter er avstengt frå å gripe til einsidig bruk av makt.»

Memorandumet siterer ei utsagn av president Eisenhower under Suez-krisa:

«Berre FN er autorisert til å ta ansvaret for å trygge freden i Midt-Austen og i heile verda», og held fram:

«Det finst berre to unnatak (til dei to artiklane sitert ovanfor). Det første finn ein i kapittel 7, artikkel 51:

«Ingen ting i dette Charteret skal gjera ugyldig den tradisjonelle retten til individuelt eller kollektivt sjølvforsvar i tilfelle av eit vepna åtak mot eit medlem av FN, til Tryggingsrådet har gjort tiltak for å verje internasjonal fred og tryggleik.»

Memorandumet siterer i denne samanhengen Prof. Philip C. Jessup i «A Modern Law of Nations: «Etter Charteret ville urovekkjande militære førebuingar i ein grannestat rettferdiggjera at ein (stat) vender seg til Tryggingsrådet, men ville ikkje rettferdiggjera preventivt maktbruk av den staten som meiner seg truga.»

Memorandumet minner om at Sør-Vietnam ikkje er nokon medlemstat i FN, ja, ikkje ein stat eingong, men eit provisorisk soneområde i samsvar med Geneve-avtalen, og held fram:

«Det har vore hevda at USAs intervensjon i Vietnam har grunnlag i artikkel 51, fordi 1) Sør-Vietnam er ein sjølvstendig stat, 2) at Sør-Vietnam har vorte offer for eit vepna åtak frå Nord-Vietnam og 3) at USA med samtykke av Sør-Vietnam var med i eit «kollektivt sjølvforsvar» av denne staten.

Denne påstanden er uholdbar av mange grunnar.

For det første vart ikkje Sør-Vietnam godkjent som ein sjølvstendig stat ved Geneve-konferansen i 1954. Sjølv om det hadde vorte ein *de facto* stat under utviklinga etter 1954, kan ein ikkje definere infiltrasjonane frå Nord-Vietnam som eit «vepna åtak» i lys av artikkel 51.

Sidan Geneve-avtalen godkjende heile Vietnam som ein stat, så er konflikten, anten det no er mellom Vietcong eller Ho Chi Minh og Sør-Vietnam, «borgarkrig», og framand intervensjon er forboden, avdi borgarkrig er eit *indre* problem. Dette var noko USA heldt fast ved under borgarkrigen i 1861. Ho Chi Minh kan samanlikne si stilling når han krev samling av Vietnam, med Lincolns stilling, då Storbritannia og Frankrike truga med å gripe inn for å trygge sjølvstendet til Konfederasjonen (Med eitt poeng i tillegg: at dei nasjonale vala som skulle haldast i 1956 i samsvar med Geneve-avtalen, vart sabotert av Sør-Vietnam med open stønad av USA). Ein må heller ikkje gløyme at Lincoln hadde svært lite stønad hos folket i sør, . . . medan Ho Chi Minh har sterk stønad hos folk i sør som er organisert i Den nasjonale frigjeringsfronten. Det er difor eit viktig spørsmål om kampane i Vietnam inneber ytre åtak (av Nord-Vietnam) eller borgarkrig. Her må ein merke seg at FN har rett til å gripe inn der indre strid er eit trugsmål mot internasjonal fred, som FN gjorde i Kongo. Men ein-skildstatar har ikkje lov til å gripe inn *tosidig*.

Når det gjeld det tredje punktet må ein vera klår over ein ting : . . . USA er åtskilt med store hav og tusenvis av kilometer frå Sørøst-Asia og utan nokon som helst etnisk eller historisk samheng med folka der. USAs medlemskap i eit regionalt system i Sørøst-Asia er totalt framandt for dei regionale system som Charteret tar sikte på . . . SEATO er ein karikatur av dei verkelege regionale systema Charteret meiner». Memorandumet konkluderer:

«Difor kan ein ikkje referere til artikkel 51, og av desse grunnar:

- 1) Sør-Vietnam har ikkje politisk status som stat.
- 2) Jamvel om Sør-Vietnam vart sett på som ein *de facto* stat, så kan ikkje infiltrasjonar bli tolka som «eit vepna åtak» i lys av artikkel 51, og
- 3) USA kan ikkje krevje rett til «kollektivt sjølvforsvar» når det gjeld eit regionalt system i Sørøst-Asia.»

Memorandumet held deretter fram med ein analyse av dei lovnader amerikanske presidentar har gitt om å «hjelp Sør-Vietnam». Argumentet: «Dersom vi ikkje held vår lovnad her, så vil våre allierte miste trua på vårt ord», har vore ofte nytta.

Det heiter her: «Dei lovnader president Johnson ofte minner om, som presidentane Eisenhower, Kennedy og han sjølv har gitt om hjelp til Sør-Vietnam, rettferdiggjjer ikkje den amerikanske intervensjonen i Vietnam. For det første har lovnadene ikkje status som avtalar, for desse president-lovnadene har ikkje vorte ratifisert av Senatet. Men sjølv om desse presidentlovnadene hadde vorte høgtideleg ratifisert av Senatet, så må alle plikter i samsvar med det, vike for dei plikter FN's Charter legg på medlemstatane.»

Konklusjon:

«Det er difor vanskeleg å koma unna den konklusjonen, at tiltaka til USAs regjering i Vietnam er i motstrid med viktige vedtekter i FN's Charter. USAs regjering har på eiga hand gått i gang med å bruke vepna makt i Sør-Vietnam og har bomba Nord-Vietnam utan autorisasjon av Tryggingrådet eller Generalforsamlinga i FN. USA har unnlate å halde sine plikter i samsvar med FN's Charter, og vi må som juristar be vår President godta dei reglar for internasjonal framferd som vi har bunde oss til med vår underskrift på FN's Charter.»

*

Memorandumet tar deretter for seg forholdet mellom USAs politikk og *Geneve-avtalen*. Vi tar her med dei viktigaste konklusjonane:

Juristane siterer det punktet i «sluttfråsegna» til Geneve-konferansen der det heiter at «den militære demarkasjonslina er provisorisk og skal på ingen måte bli tolka som ei politisk eller territorial grense», og held fram:

«Dette tyder ei godkjenning av det historiske faktum at Vietnam er ein nasjon, som vart delt i to soner berre *midlertidig* og for administrative formål i påvente av eit val. Den hjelpa Nord-Vietnam har gitt til Sør-Vietnam, forandrar ikkje den karakter av borgarkrig som konflikten har, og kan ikkje tolkast som framand intervensjon eller som åtak av ein nasjon på ein annan.

USA er derimot ein *framand nasjon* i sitt forhold til Vietnam. Nord-Vietnam er det *ikkje*. Nord-Vietnam skulle i samsvar med Geneve-avtalen vera med i eit val, ikkje for å avgjera om Nord- og Sør-Vietnam skulle samlast, men for å velje ei samlingsregjering for det vietnamesiske folket. Diem-regimet og dei følgjande «regjeringane» i sør var uvillige til å vera med på slike val. Det opna døra til den nåverande konflikten.»

. . . Memorandumet refererer så til uttrykket «nasjonale (allmenne) val» i Geneve-avtalen og held fram:

«Dette uttrykket styrker den opplagte historiske status til Vietnam som ein nasjon. Å presentere eit bilete av Nord-Vietnam som ein påtrengjande outsider er det same som å ignorere både gjeldande rettsprinsipp og avtaler og dei historiske fakta.»

Juristkomiteen minner om ymse fråsegner der USAs regjering har innrømme dette og lova å halde seg unna innblanding, særleg når det gjeld samling av landet. Men dette vart nøytralisert med det amerikanske samtykket til Diems sabotasje av dei allmenne vala.

«Sett mot denne bakgrunnen, har rettferdiggjeringa av vår regjerings politikk i Vietnam ikkje noko som helst juridisk eller faktisk grunnlag. Framferda til USAs regjering i Vietnam bryt med ånd og bokstav i Geneve-avtalane og fornektar høgtidlege lovnader om å «halde seg unna trugsmål om eller bruk av makt» for å leggje hindringar i vegen for Geneve-avtalen.»

Juristkomiteen seier vidare:

«Så lenge USA er medlem av FN er vår rett til intervensjon avgrensa av vedtektene i FNs Charter. Som medlem av SEATO er vår rett til å intervenere avgrensa av kravet om semje mellom alle dei åtte medlemene i avtalen (Frankrike røysta mot kommunikeet om stønad til Sør-Vietnam på siste ministerrådsmøte i SEATO) og av vedtektene i Charteret som forbyr bruk av makt i samband med eit regionalt arrangement utan autorisasjon av Tryggingrådet.

Faktum er at USAs regjering simpelthen har gått fram som sin eigen domar i eigen interesse, i open vanvørnads for dei grunnleggjande rettsprinsipp som er nedlagt i FNs Charter.»

I neste kapitlet analyserer komiteen tilhøvet mellom Presidenten og Kongressen når det gjeld krig eller fred. Det heiter her: «Etter konstitusjonen er det berre Kongressen som kan ta ei slik avgjerd.» Det blir streka under at «i Koreakrigen stridde USA under FNs merke, i samsvar med ein klår resolusjon av Tryggingrådet, som autoriserte og dirigerte bruken av stridskreftene frå medlemsstatane . . . Men i Vietnamkonflikten har det ikkje vore ein slik autorisasjon av Tryggingrådet».

I siste kapittel slår komiteen fast at «Kongressen har ikkje erklært krig i Vietnam. Kongress-resolusjonane er korkje eit substitutt for ei krigslysing eller konstitusjonelt grunnlag for president Johnsons krigføring.»

SLUTTKONKLUSJONEN

til memorandumet frå Juristkomiteen for Vietnam lyder slik, i utdrag:

«Ein lærd autoritet i internasjonale saker Roger Fisher, professor i folkerett ved Harvard Universitetet, har sagt:

«Alle reglar om intervensjon er meningslause dersom kvar nasjon kan avgjera for seg sjølv kva regjeringar som er lovlege og korleis ein skal karakterisere ein særskilt avgrensa konflikt . . . FN er den mest nærliggjande kandidaten for den rolla. —

USA har brote ånd og bokstav i avtalane sine i samband med aksjonen i Vietnam . . . Vi bed innstendig (vår) regje-

ring å ta alle steg for å gjera omatt denne lovløysa, og straks vende tilbake til lydndad mot vedtektene i FNs Charter.

. . . I denne lagnadstunge stund bør vi hugse den profetiske draumen president Franklin D. Roosevelt, denne arkitekten av FN, hadde. Han sa etter heimkoma frå Yalta-konferansen i den siste talen sin til Kongressen i mars 1965:

«Yalta-konferansen burde gjera slutt på systemet med einsidige aksjonar, dei eksklusive alliansane, maktbalansen og alle dei andre metodane som har vore prøvde i mange hundreår — men alltid har svikta. Vi gjer no framlegg om å reise i staden for desse ein universell organisasjon der alle fredelege nasjonar skal ha sjangsar til å bli med.»

Skulle vi ikkje no, 20 år etter president Roosevelts vonfulle draum og 20 år etter at atomalderen opna for det forferdelege utsynet til å få planeten vår omgjort til ein oskedunge og vår tusenårige sivilisasjon og kultur øydelagt — skulle vi ikkje då «gjera slutt på systemet med einsidig aksjon . . . som har vore prøvt i mange hundreår — men alltid har svikta?», sluttar memorandumet frå Den amerikanske juristkomiteen for Vietnam.

*

Ein amerikansk tragedie

Olav Rytter, hadde under denne overskriften en kronikk i Dagbladet 12. februar 1966, som vi gjengir her:

Med full stønad og samtykke av general Kys regjering i Saigon har USA — i motstrid med FN's Charter — atter opna krigshandlingar mot territoriet til Den demokratiske republikken Vietnam («Nord-Vietnam»), ein suveren, sjølvstendig stat, som heilt sidan han vart proklamert 2. september 1945 har hatt eitt mål for auge: Å trygge og hevde dette sjølvstendet i ein åtte-årig sigerrik kamp mot fransk kolonivelde og deretter å bygge landet oppatt på ruinene etter denne kampen.

No fell atter bombene over Hitler-beundraren general Kys eigne landsmenn i nord. Det ryk frå nye ruiner av bruer, kraftstasjonar, hus og hytter, skulehus og sjukehus, resultatet av nokre få fredsårs strev. Bomber råkar i blinde levande og livlaust, likt og ulikt, ofte langt utanom dei mål dei blir innsikta mot og som blir nemnde i dei offisielle kommuniké etter herjingsferdene.

Samstundes er general Ky klår over eit pinleg faktum:

Ikkje berre heile det vietnamesiske folket, frå nord til sør, men også to andre statar på det tidlegare området til Fransk Indo-Kina, Laos og Kambodsja, kan takke presidenten i Hanoi, Ho Chi-Minh og Viet Minhs «vietnamesiske folkhær» for sitt politiske sjølvstende, som vart stadfest av Genèvekonferansen i 1954. Men ein halv million vietnameser og 140 000 mann i den franske kolonihæren måtte lata livet, før seigeren var vunnen og franskmennene drog seg ut or landet, inklusive general Kys eigen residens i Saigon. Hans forgjengar Bao Dai hadde stått på fransk side i denne kampen.

General Ky veit også at ein annan av hans talrike forgjengarar, Diem, saboterte med amerikansk stønad dei frie vala under internasjonal kontroll som i samsvar med Genève-avtalen skulle haldast over heile Vietnam i juli 1956, om samling av dei to administrasjons-sonene i nord og sør og samansetjinga av regjeringa for denne staten, Vietnam.

Dette er bakgrunnen for hans motvilje — delt av den amerikanske regjeringa — mot å godkjenne Viet-Minhs arvtakar i sør, Den nasjonale frigjeringsfronten, som likeverdige partnarar ved forhandlingar om våpenkvile og fredsavtale.

*

Mot denne bakgrunnen stig også eit snart elleve år gammalt minne fram i tragisk-ironisk lys:

I opningstalen sin til den afro-asiatiske konferansen i Bandung i april 1955 sa president Sukarno:

«Eg veit ikkje om det er eit tilfelle eller om det er ein lys idé av arrangementskomiteen. Men eg fekk nettopp vite at i dag er det 180 år sidan Paul Revere reid frå hus til hus i New England og varsla om at engelske styrkar var på marsj mot amerikanarane. Den amerikanske fridomsstriden mot det britiske koloniveldet tok til.»

Sukarno sa dette med ein velkjent gamin-smil. Men så kom han i fullt alvor med ein hyllest til Amerika som pionér i kampen mot kolonialismen og føregangsland for demokrati og sjølvråderett for nasjonane.

Den amerikanske ambassadøren smilte og nikka. To amerikanske journalistar spratt opp frå presselosjen og kappsprang til telefonboksene. Her hadde dei både *headline* og *lead-in* til sine stories.

Mellom dei som klappa til Sukarno var representantane både for Ho Chi-Minhs regjering i Den demokratiske republikken Vietnam (Hanoi) og Diems regjering i Republikken Vietnam (Saigon). Ikkje langt unna sat representantane for Laos og Kambodsja. Dei var i den lykkelege situasjon at kvar av dei representerte berre ei regjering. Dei to målmennene for det administrativt kløyvde Vietnam såg likevel

— kanskje med blanda og ulike kjensler — fram til juli 1956, då det skulle haldast val i samsvar med Genève-avtalen. Tre månader etter Bandung-konferansen skulle representantar for dei to regjeringane møtast, også i samsvar med avtalen, for å drøfte tekniske detaljar med denne folkerøystinga. Møtet stranda på motstand frå Saigon.

Sukarnos ord må ha vekt blanda og skiftande minne hos Ho Chi-Minh's representant. Han hadde kanskje vore med i Viet Minh's geriljastyrkar i kampen mot japanarane ved sida av dei allierte, først og fremst amerikanarane. Han mintest kanskje innleiinga til proklamasjonen av Den demokratiske republikken Vietnam 2. september 1945, der den amerikanske sjølvstendekunngjeringa av 1776 står sitert:

«Alle menneske er skapt like. Skaparen deira har gitt dei visse uavhendelege rettar, mellom andre retten til liv, fri-dom og lykke...» Han mintest kanskje også den fråsegna Ho Chi-Minh sende til dei allierte førarane Truman, Attlee, Stalin og Chang Kai-shek, der det heitte at «den vietnamesiske nasjonale revolusjonen» stod over klasser og parti og at den nye republikken ville halde seg unna motsetningane mellom Aust og Vest.

Men han hugsa også, kanskje vel så godt, at i den følgjande åtte-årige kampen mot det franske koloniveldet hadde USA gjeve franskmennene materiell stønad til eit verde av 2.6 billionar dollar.

Men no var den fælslege krigen over, med utsikt til siger for den vietnamesiske saka. Genève-avtalen opna for perspektiv som hadde vore målet for den vietnamesiske frioms-rørsla i snart femti år, heilt sidan veteranen Ho Chi-Minh gjorde ein rett nok mislukka freistnad på å få saka opp for Versailles-konferansen etter den første verdskrigen: Samling av dei gamle «provinsane» Tongking, Annam og Cochinchina i ein sjølvstendig stat, Vietnam. Med andre ord gjenreiseing av «rikets tilstand» frå tida før den franske okkupasjonen i siste halvpart av førre hundreåret. At den provisoriske demarkasjonslina tvers gjennom det gamle keisardømet Annam skulle bli ei *de facto* — for ikkje å seie *de jure*-grense mellom to land, Nord-Vietnam og Sør-Vietnam, spøkte kanskje som ein potensiell fare i hugen til Ho Chi Minh's representant, ja, kanskje i hugen til representanten for Republikken Vietnam

(Sør-Vietnam) også. Hans regjering kravde nemleg også suverenitet over heile landet.

Men no, eit år etter Genève-konferansen, såg det slett ikkje så verst ut, både for vonene om samling av landet og ei samlingsregjering for heile folket. Hovudstaden Hue i Annam som hadde vore midtkjernen i det gamle Vietnam, ville høve framifrå som hovudstad i det nye.

Det er desse nasjonale draumane og vonene ein må ha klårt for seg for å skjønna det bitre vonbrotet det var for det store fleirtalet både i nord og sør at Genève-avtalen vart sabotert av regjeringa i Saigon, med full politisk, økonomisk og til slutt militær stønad av USA.

*

Trass i sterke motsetningar enda Bandung-konferansen med ein samrøystes resolusjon og i ei optimistisk stemning, ikkje minst på grunn av Genève-avtalen som statsminister Nehru kalla «den største diplomatiske dåd i den mørke etterkrigstida.»

I dette allmenne biletet stod USA sterkt, trass i dei reser-vasjonar den amerikanske regjeringa hadde tatt til Genève-avtalen.

Grunnen til denne tilliten var at trass i visse kapittel i nyare amerikansk historie, stod USA — i motsetning til Storbritannia, Frankrike og Nederland — ikkje som nokon «klassisk» kolonimakt. President Sukarno hadde faktisk ikkje liten dekning for orda sine. Dertil kom den rauste amerikanske utviklingshjelpa, både i og utanfor FN's tekniske hjelpeprogram. Amerikanske rådgjevarar og ekspertar ute i marka hadde — svært mange av dei — eit uvanleg godt lag med dei folka dei skulle hjelpe. Var det den gamle pionéranda som vakna i dei under arbeidet med storslåtte prosjekt, ofte ute i ville ørknen eller i jungelen? Det såg ut for det, anten det nå var bygging av ein kjempedam i Kuzistan i Sør-Iran eller planlegging og synfaring i Mekong-vassdraget. Her hadde Thailand, Kambodsja, Laos og Vietnam gått saman om utbygging av den mektige Mekong-elva til skipsfart, vatning og elektrisk kraft, under tilsyn av FN's Økonomiske kommission for Asia og Det fjerne østen (ECAFE) i Bangkok.

Ein måtte beundre desse drivande dyktige og begeistra slitarane.

Skal vi tru kva dei tenkjer (og kanskje seier) om den utviklingshjelpa deira uniformerte landsmenn no driv med i Mekong-deltaet?

Men den gongen, i midten av femtiåra, trass i visse symptom på det motsette, var den allmenne trua, eller i alle fall vona denne: I kampen for å halde seg utanfor den kalde krigen mellom Vest og Aust — og det var og er eit hovudmotiv for afro-asiatisk politikk — skulle ein kunne vente seg stønad frå USA «utan bindande vilkår».

Det fanst dei som meinte noko anna. Etter konferansen i Bandung høyrde eg ein kjend indisk kommentator seia: «Viet Minh og Ho Chi-Minh kasta franskmennene ut hovudporten. Amerikanarane kjem inn i tomrommet — bakdøra.» Han seier vel i dag: «Kva sa eg?» Dessverre for USA og for oss alle: Denne meininga er meir utbreidd i Sør-Aust-Asia enn mange likar å tru.

Eitt er i alle fall visst: Ved ein ny afro-asiatisk konferanse — i staden for den som vart forpurra i Algerie — er det fare for at det vil falle andre ord om USA enn dei Sukarno brukte i Bandung.

Historia til amerikansk politikk i Sør-Aust-Asia — med verknad endå lenger — er dei tapte skansars historie. Våpenmakt har vorte sett inn i staden for klok politikk, godt diplomati og raust og velorganisert utviklingshjelp, både gjennom FN og bilateralt. Tragedien blir ikkje mindre av det faktum, at det sit ein hær av sakkunnige spesialistar på Sørøst-Asia ved alle amerikanske universitet og utanrikspolitiske institutt. Men med få unntak har det visst ikkje lukkast å få dei ansvarlege politikarane til å setja seg på skulebenken i deira «teach-ins», eller høyre på Walter Lippmann, James Reston og andre kloke kommentatorar.

Det gjeld verdsfreden, korkje meir eller mindre. USA står i eit liknande dilemma som franskmennene i 1953—1954. Ei «militær løysing» er ikkje innanfor synsvidde. Når det gjeld «åtak og infiltrering frå nord» er det grunn til å undre seg over at Ho Chi-Minh ikkje ha rsett inn meir av den regulerare veteranheren sin på 400 000 mann, enn det han har gjort — til hjelp for sine landsmenn i sør, slik han ser det.

Eller for å øydelegge dei amerikanske basane for flyåtaking på landet hans. Det har dukka opp mange spekulasjonar om det emnet, som vi her ikkje skal koma inn på. Men skulle situasjonen bli desperat for FNL, kan det hende at han gjev marsjordren. Skulle ikkje det heller hjelpe mot overmakta, kan timen koma då Peking grip inn som «forsvarar av dei små nasjonar i Asia.»

I så fall har vi ikkje berre ein amerikansk tragedie, men ei verdstragedie.

*

USA har bøde om hjelp frå sine allierte i Europa. Den beste veneteneste vi kan yte det amerikanske folket er ei oppmoding, ja eit krav frå den norske regjering om ein ny Genève-konferanse. Det inneber å følgje U Thants og senatorane Fulbright og Mansfields framlegg om forhandlingsrett for Den nasjonale frigjeringsfronten.

Går USA med på dette, skal det bli vanskelig for Ho Chi-Minh å finne forsvarlege grunnar til å avslå.

Den amerikanske bombepolitikken har hittil berre tvinga Hanoi nærare den tradisjonelle vietnamesiske motstandaren i nord, Kina. Eit framhald med denne politikken vil berre auke trassen, hatet — og motstandsviljen hos det umenneskeleg hardt prøva vietnamesiske folket.

Ei samlingsregjering etter frie val — med valrett for *alle* parti og organisasjonar i Sør-Vietnam kunne vera første steget til tingingar med Nord-Vietnam om liknande vel i *heile* landet. Ei vietnamesisk samlingsregjering er det einaste grunnlaget for medlemskap for Vietnam i FN, ved sida av Laos og Kambodsja, og einaste vegen til ei nøytralisering av det sørøst-asiatiske området.

Ein ny Genève-konferanse må difor haldast ikkje berre i Genève-avtalens ånd, men også etter avtalens realistiske bokstav. Våpenkvile-avtalen av 20. juli 1954 vart underskriven av dei *militære* sjefane for Viet Minhs folkehær og den franske kolonihæren. Kombattantane i dag er først og fremst FNL og dei amerikanske styrkane.

Godkjenning av Den nasjonale frigjeringsfronten som likeverdig partnar ved tingingar om våpenkvile og ein varig fredsavtale er sjølve bandstokken i Vietnam-kon-

flikten. Vil og kan amerikanarane vera med å løyse på den stokken, har desse «pionerane i kampen mot koloniveldet» enno von om å vinne att det andletet dei hadde i Sør-Aust-Asia i midten av femtiåra og som dei no har gjort nærepå alt for å miste.

Berre på denne vegen kan ein også kunne gjera til røyndom dei voner representantane for det strevsame, intelligente og tapre vietnamesiske folket målbar på den afro-asiatiske konferansen i Bandung i april 1955, i det — til å börje med — vonfulle mellomrommet mellom Genève-konferansen og den folkerøystinga som aldri vart sett i verk.

Samarbeid mellom buddhistane og FNL?

(Artikkel i *Dag og Tid* i mai 1966 ved Olav Rytter)

Det er eit vanskeleg spørsmål, først og fremst av di dei buddhistiske kreftene som no har kome i gang med det føremålet å velte militær-diktaturet til marsjall Ky, må trø varsam og ikkje berre i dørene til diktatoren, men òg i gatene. Ei av lovene hans set dødsstraff for alle som uttalar seg for fredstingingar med Den nasjonale Frigjeringsfronten. Same straffa er sett for ordet «nøytralitet» i samband med eit framtidig Vietnam.

Den buddhistiske opposisjonen velte i si tid ein tidlegare sivil diktator, Diem. No har dei atter fått framifrå høve til å syne seg i ei rolle dei meistarar til fullkomenskap: kombinasjonen av appell til massene og varsam, men målmedviten taktikk.

Målet har dei formulert klårt nok: Marsjall Ky må gå. Det einaste det har vore usemja om innanfor den buddhistiske opposisjonen har vore tida for avgangen, straks eller etter ein frist.

Men føraren for buddhistorganisasjonen, Thich Tri Quang, har ikkje nemnt eit ord om dei vidare planane sine, etter at ei sivilregjering har vorte skipa.

Det mest alvorlege spørsmålet i denne samanhengen blir da: Vil den komande regjeringa ta det steget som er avgjerande for freden i Vietnam: Godkjenning av Den sør-vietnamesiske naasjonale frigjeringsfronten med tanke på våpenkvile i denne konflikten som i alle fall i sitt opphav var ein *borgarkrig* før den amerikanske væpna intervenjonen sette inn.

Amerikanarane står som forundra og rådville tilskodarar til den skamlause skorten på takksemd for gull og grøne skogar president Johnson og marsjall Ky lova etter møtet i Honolulu, i faret på «pasifisering» av den bombeberja landsbygda. Dei er no — og med god grunn — redde for at det

første den komande sivilregjeringa vil be dei om, er å halde opp med bombinga av landsmennene deira både i nord og sør. Buddhistar har aldri trudd på bomber som argument. Dei har stønad i dette hos den mest kjende av dei alle, generalsekretær U Thant.

*

Krisa tok til som eit indre oppgjer i militærjuntaen. Etter møtet i Honolulu avsette Ky kommandanten for dei nordlege provinsane, general Thi. Dette løyste ut demonstrasjonar i Da Nang og Hué, der både militære, buddhistar og studentar var med. I universitetsbyen Hue vart også anti-amerikanske slagord ropa. Marsjall Ky sende ei avdeling sør-vietnamesiske marinesoldatar til Da Nang. Dette vekte stor harme i byen. At dei kom i amerikanske fly gjorde ikkje saka betre. Marsjall Ky drog sjølv til Da Nang, men oppdaga allereide på flyplassen at her kunne han ikkje gjera stort. Vegane inn til byen var barrikadert og soldatar og væpna sivile stod klar. Ky måtte vende tilbake med ugjort og marinesoldatane vart sende tilbake.

Samtidig sette store demonstrasjonar inn i Saigon. Dei var organiserte av «Instituttet for verdslege saker» under Den sameinte buddhistiske kyrkja i Sør-Vietnam. Slagorda kravde at Ky skulle gå av og ei ny, sivil regjering skipast etter allmenne val til ei grunnlovgejvande forsamling.

Ky måtte bøye av og kalle inn ein «nasjonal politisk kongress» av buddhistiske, katolske og ei rad verdslege parti og organisasjonar. Buddhistane heldt seg unna kongressen og elles møtte berre 115 delegatar av 170 innbedne. Likevel røysta fleirtalet av dei frammøtte for dei buddhistiske krava om allmenne val til ei grunnlovgejvande forsamling innan fire månader.

*

Eit ope spørsmål er da om denne grunnlovsgjevande forsamlinga vil konstituere seg som parlament utan nye val. Men ein ting er vist, utan at det vart sagt ope under kongressen: Eit slikt parlament vil berre godkjenne ei sivil regjering. Marsjall Kys dagar skulle da vera talde, enda han

kom med eit trugsmål som kunne tolkast i ymse leier: at han kunne kome til å gripe inn «dersom ei slik regjering ikkje held fram med krigen mot kommunismen» og, la han til med den tvilsame autoritet han har vunne seg på dette område, «ikkje tek omsyn til folkets lykke og framgang».

Etter kongressen organiserte buddhistane glededemonstrasjonar i Saigon. I Da Nang og særleg i Hué kom det derimot til protestdemonstrasjonar mot det dei kalla «eit uverdig kompromiss». Dei kravde at Ky skulle gå på flekken og at val skulle haldast straks. Det vart også bore slagord mot amerikansk innblanding, og ei pressemelding gjekk ut på at ei gruppe studentar hadde sett livet på spel — i alle fall om det hadde vore i Saigon — med å rope «like rett for Den nasjonale frigjeringsfronten».

I amerikansk presse har Hué vore nemnt som «eit reir for Vietkong-infiltrasjon» og «basis for kommunistiske agentar». Det kan nok vere rett nok, om ein set tilhengjarar i staden for agentar. Hos studentane ved universitetet i Hué, den gamle keisarstaden i Annam som var kjernelandet i det gamle Vietnam før det franske koloniveldet, er nasjonale straumdrag blanda med sosial reformiver. Hué var òg påtenkt som hovudstad i det nye, samla Vietnam som fleirtalet av folket vona skulle gå fram av vala i samsvar med Genèveavtalen i juli 1956. Ein skal òg leggje merke til at under dei siste demonstrasjonane i Hué fann det amerikanske flyvåpnet det nausynt å setje inn eit «kraftig åtak mot store «vietkong»-konsentrasjonar» berre 24 km utanfor Hué.

Ein skal aldri spå. Men det er ikkje utenkjeleg at Hué vil kome til å figurere meir i dagsnyttspaltene i tida framover enn hittil.

Merkeleg nok — eller kanskje det ikkje er så merkeleg — har hæren til FNL halde seg meir passiv enn venta under krisa i Saigon, bortsett frå eit åtak med bombekastarar mot den amerikanske flyplassen i Da Nang.

Kringkastingsstasjonen til sentralkomitéen til Den nasjonale frigjeringsfronten har kome med appellar til dei buddhistiske leiarane om «å kaste maska når tida kjem». Nguyen Van Ngoi, leiar for den «kristen-buddhistiske» sekta Cao Dai og medlem av presidiet for sentralkomitéen for Frigjeringsfronten har, etter same kjelda, tala om «samanslutning

av alle patriotiske parti og organisasjonar i kampen mot amerikansk imperialismen».

Ein kan vel gå ut frå at sjølv om Tri Quang offisielt held fast ved at «kampen mot Vietkong må halde fram», vil det bli større ytringsfridom under ei sivilregjering, dersom marsjall Ky ikkje bryt lovnaden sin.

Det kan da vel hende at meiningar som no blir kjøvde av dødsdomar vil kome sterkare til orde. Ingen ynskjer meir, og først og fremst ærlegare, fred enn det umenneskeleg hardt prøvde vietnamesiske folket.

Den dagen ønsket om fredstingingar mellom ei sivil regjering i Saigon og deira eigne landsmenn i sentralkomiteén for Den nasjonale frigjeringsfronten «ein stad i Sør-Vietnam» bryt fram for alvor, kan amerikanarane like godt bu seg på å forlata Vietnam.

—||—

Den nasjonale frigjeringsfronts sang

Av Hunh Minh Sieng

*Til kampen vi i sorg og vreide går.
Eit enig folk bak våre våpen står.
No stig det røyk frå herja bygd og by.
Slik stig vår bitre harme imot sky.*

*Men vi slår att.
Vi går mot siger.
Igjenom fare, død og brann
vi USA driv frå vårt land.
I deira namn som kvarv i natt
frå kvar soldat ein lovnad stiger:
å verje denne fedrejord
der framand fiend fælsleg for.
Det stundar tider for oss med,
då vi skal få ein evig fred.*

*Vårt land ligg kløyvt. I mange, lange år
dess sturne fjell og elvar skilde går.
Vi lovar deg, vår mektige Mekong,
og deg, vårt stolte fjell, du Truong Song:*

*at vi slår att.
Vi går mot siger.
Igjenom fare, død og brann
vi USA driv frå vårt land.
I deira namn som kvarv i natt
frå kvar soldat ein lovnad stiger:
å verje denne fedrejord
der framand fiend fælsleg for.
Det stundar tider for oss med,
då vi skal ha ein evig fred.*

(Fra en engelsk oversettelse ved O. Rytter.)

KILDEMATERIAL TIL OLAV RYTTERS UTREDNING OM VIETNAM-KONFLIKTEN

RUSSELL H. FIFIELD : The Diplomacy of Southeast Asia 1945—58.
New York 1958.

RUSSEL H. FIFIELD: Southeast Asia in USA Policy. Council on
Foreign Relations, New York/London 1963.

BERNARD B. FALL : The Two Vietnams. London 1963.

ELLEN HAMMERS bidrag «Indochina» i «The State of Asia». Utgitt
av The American Institute of Pacific Relations. New York 1953.

P. J. HONEY: Communism in North Vietnam, Massachusetts Institute
of Technology 1963.

FAKTA OM VIETNAM. Redigert av Robin Murray, London. Norsk
utgave ved Johan Ludwig Mowinckel 1965. Pax Forlag.

KNUT SOGSTAD : Sørøst-Asiae, Tidens Ekko nr. 6, Norsk Utenriks-
politisk Institutt, Oslo.

WILFRED G. BURCHETT : «Vietnam: Inside Story of the Guerilla
War». Norsk utgave «Vietnamkrigen sett innenfra». Ny Dag Forlag
1966.

VIETNAM TODAY, Foreign Languages Publishing House, Hanoi 1965.

ROBERT SCHEER : How the USA got involved in Vietnam. Center
for the Study of Democratic Institutions, Santa Barbara, California
1965.

PEACE IN VIETNAM. Utgitt av en komité av amerikanske kvekere.
New York, 1965.

MEMORANDUM OF LAW of Lawyers' Committee on American Policy
Toward Vietnam, Congressional Record av 89de kongress, første
session, september 1965.

Den norske solidaritetskomiteen for Vietnams program:

- ★ De amerikanske bombetokter
i Vietnam må øyeblikkelig stanses
- ★ Forhandlinger om stans
i krigshandlingene må innledes
- ★ En løsning av Vietnam-problemet
må skje i pakt med Geneve-avtalen:
- ★ Frie valg i begge soner
- ★ Alle fremmede tropper må trekkes tilbake